



Sakshefte
Noregs Mållag
Landsmøte
24.–26. april 2026

PRAKTISK INFORMASJON

SKRIVARSTOVA ER PÅ LANDSMØTEHOTELLET FRÅ TYSDAG 21. APRIL, OG DE KAN NÅ OSS HER:

Gro Morken Endresen, 957 95 560 eller gro.morken@nm.no

Erik Grov, 472 49 718 eller erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, 952 93 289 eller per.arntsen@nm.no

Hege Lothe, 926 48 348 eller hege.lothe@nm.no

Ingar Arnøy, 975 29 700 eller ingar.arnoy@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen, 976 84 399 eller vemund.knudsen@nm.no

Jógvan Helge Gardar, 950 78 818 eller helge.gardar@nm.no

Tonje Thorstad Kildal, 970 68 226 eller tonje.kildal@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen, 482 48 747 eller frida.mikkelsen@nm.no

Synnøve Marie Sætre, 926 95 330 eller synnovemaries@gmail.com

MØTESTAD OG OVERNATTING

Landsmøtehotellet er Radisson Blu Airport og alt av møte, måltid og underholdning vil gå føre seg på hotellet.

KORLEIS KJEM DU DEG TIL HOTELLET

Dersom du kjem med fly, går du ut av terminalbygningen og går over vegen mot høgre. Kjem du med tog, kan du gå opp trappa på stasjonen og følgja gangvegen rett til hotellet.



INNHALD:

Praktisk informasjon		side 3
Sakliste		side 5
SAK 1	Opning og konstituering	side 7
SAK 2	Leiartalen	side 11
SAK 3	Ungdomens tale	side 12
SAK 4	Sidemålsforsøk med mål om meir kompetanse	side 13
SAK 5	Årsmelding 2024–2026	side 14
SAK 6	Rekneskapar for 2024 og 2025	side 15
SAK 7	Noreg 2050	side 16
SAK 8	Fråsegner	side 17
SAK 9	Arbeidsprogram 2026–2030	side 21
SAK 10	Økonomisaker med budsjett for 2027 og 2028	side 40
SAK 11	Nynorsk inn i Grunnlova	side 46
SAK 12	Stasjonsundervisning	side 47
SAK 13	Val	side 48

VEDLEGG

Vedtak om Trygge møteplassar i Noregs Mållag	side 53
Lov for Noregs Mållag	side 54

FRAMLEGG TIL SAKLISTE:

		FREDAG 24. APRIL
10.00		Formøte – eitt for kvinner og eitt for menn. Møta vert leia av styremedlemene Gunnhild Skjold og Espen Tørset
11.00	Sak 1	Opning og konstituering
		<ul style="list-style-type: none"> - Kulturelt innslag - Velkomen og opning ved leiar Peder Lofnes Hauge
11.45		Utdeling av litteraturprisar for 2025
12.00	Sak 2	Leiartalen v/ Peder Lofnes Hauge
12.25	Sak 3	Ungdomens tale v/ Sebastian Vinsent Natvik
12.35		- Ordsките
13.00		Lunsj
14.00	Sak 4	Sidemålsforsøk med mål om meir kompetanse v/ Øystein Vangsnes
14.40		Panel samtale om sidemål leia av Peder Lofnes Hauge
15.15		Pausebuffet
15.45		Godkjenning av fullmakter v/ leiaren av fullmaktsnemnda
15.50	Sak 5	Årsmelding 2024–2026 v/ styremedlem Kjetil Aasen
		- Ordsките og vedtak med ein gong
16.30	Sak 6	Rekneskapar for 2024 og 2025 v/ dagleg leiar Gro Morken Endresen
		- Spørsmål og ordsките
17.00	Sak 7	Noreg 2050 – språkpolitikk for framtida v/ Trine Østereng, tankesmia Agenda
18.15	Sak 8	Fråsegner v/ leiaren for redaksjonsnemnda
		- Presentasjon av kva som er til handsaming og røysting over handsaming av for seint innkomne framlegg
18.30		Slutt for dagen
19.30		Middag på hotellet
		- kviss

		LAURDAG 25. APRIL
09.00	Sak 9	Arbeidsprogram for 2026–2030 v/ nestleiar Live Havro Bjørnstad
09.35		- kommentarinnleiing ved tidlegare leiar Ola E. Bø
09.55		Gruppeordskifte
10.35		Pausebuffet
11.00		Plenumsordskifte
12.45		Helsingar
13.00		Lunsj
14.00	Sak 8	Fråsegner v/ nemndsleiar og framleggsstillarar
		- presentasjon og ordskifte
15.45	Sak 10	Økonomisaker med budsjett for 2027 og 2028 v/ Gro Morken Endresen
16.30	Sak 11	Nynorsk inn i Grunnlova v/ Ola Mestad og Martin Kolberg
17.30		Slutt for dagen
17.45		Frist for å levera endringsframlegg til nemndene
19.30		Vi går til festmiddag
19.45		Minikonsert med The Young Suffering Ensembla
		SUNDAG 26. APRIL
09.30	Sak 12	Stasjonsundervising
		A Språkteknologi på 1-2-3 v/ Språkrådet B Korleis vera aktivist i sosiale medium v/ kommunikasjonsrådgjevar Tonje Kildal C Korleis arbeida med dialekt lokalt v/ Magne Aasbrenn D Korleis få nynorsk for vaksne innvandrarar v/ Øystein Skjæveland
11.30		Lunsj
12.30		Vedtak arbeidsprogram
13.45		Vedtak budsjett
14.00		Vedtak siste fråsegner
14.40	Sak 13	Val
15.30		Avslutning, heimreise

SAK 1 OPNING OG KONSTITUERING

DENNE SAKA GJELD:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

Fyrste innkalling vart send ut elektronisk 17. desember 2025. Innkalling med sakspapir vart send ut elektronisk 24. mars, i tråd med lov for Noregs Mållag.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

1.2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGNER

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER:

§ 1 Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2 Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skriarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skriarstova kallar nemnda saman. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for fråsegner på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til fråsegner.
- 2) Forma framlegg til fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for sak om personalressursar og økonomisaker.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talarlista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest

mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatane til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

Styret innstiller overfor landsmøtet til å velja desse tillitsomboda:

- 1 seks ordstyrarar
- 2 seks møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for arbeidsprogram
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner og økonomisaker
- 5 tre medlemer til fullmaktsnemnd

Styret innstiller på tillitsombod på styremøtet dagen før landsmøtet tek til. Framlegget blir lasta opp her elektronisk så snart innstillinga er klar.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek tillitsombod på landsmøtet i tråd med innstillinga frå styret.

1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

Framlegget frå styret er lasta opp som eiga sak elektronisk, og er trykt på side 4 og 5 for dei som har sakshefte på papir.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.

1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast to (2) månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Om det kjem framlegg etter fristen, må dei godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast. Det er ikkje høve til å diskutera innhaldet i framlegga utan at dei fyrst er godkjende og tekne inn i landsmøtetingane.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag klokka 14.00.

Frist for endringsframlegg til arbeidsprogram, fråsegner og økonomisaker: laurdag klokka 17.45.

SAK 2 LEIARTALEN

Leiartalen til Peder Lofnes Hauge blir lasta opp her i sakspapira og lagd ut på www.nm.no straks talen er avslutta.

Det er sett av tid til ordskifte etter både leiartalen og ungdomens tale er ferdig.

SAK 3 UNGDOMENS TALE

Tale ved Sebastian Vinsent Natvik, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag.

Under dette punktet innleier Norsk Målungdom om fritt valde tema som gjeld politiske vurderingar og prioriteringar sett frå deira ståstad.

SAK 4 SIDEMÅLSFORSØK MED MÅL OM MEIR KOMPETANSE

Professor Øystein Vangsnes innleier om korleis ein kan styrkja sidemålskompetansen gjennom forsøk som har ei slik styrking som mål. Vangsnes er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Tromsø og professor II ved Høgskulen på Vestlandet. Han har mellom anna forska på tospråklegheit og sett på om elevar som meistrar både nynorsk og bokmål, gjer det betre i skulen enn dei som ikkje meistrar både språka.

DESSE DELTEK ETTERPÅ I PANELSAMTALE:

Øystein Vangsnes, professor i språkvitskap ved Universitetet i Tromsø

Åse Kristin Ask Bakke, utdannings- og forskingskomiteen, Arbeidarpartiet

Anita Holm Cirotzki, sentralstyret i Utdanningsforbundet og leiar i kontaktforum barnehage

Hanne Mostervik Dalby, kontaktlærer 9. trinn, Karlsrud skole, Oslo

Yngve Haugen Mehl, kontaktlærer 8. trinn, Karlsrud skole, Oslo

Leiar **Peder Lofnes Hauge** leier samtalen.

SAK 5 ÅRSMELDING 2024–2026

Styremedlem Kjetil Aasen legg fram melding om styret sitt arbeid i perioden. Årsmeldinga følgjer landsmøtepapira som eiga trykksak, og du finn henne både lasta opp i sakspapira digitalt og kan be skrivearstova om å få henne på papir.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2024–2026 vert godkjend.

SAK 6 REKNESKAPAR FOR 2024 OG 2025

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram rekneskapane.

I ÅRSMELDINGA ER DESSE REKNESKAPANE TRYKTE:

Noregs Mållag 2024 og 2025

Fondet for norsk målreising 2024 og 2025

Inga og Gjøa Lutros legat 2024 og 2025

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising og Inga og Gjøa Lutros legat vert godkjende.

Trine Østereng innleier til ordskifte.

Trine Østereng er statsvitar, tidlegare sentralstyremedlem i Norsk Målungdom og no tilsett som internasjonal rådgjevar i tankesmia Agenda.

Ho er utfordra på å innleia til landsmøtet om dei litt større perspektiva i språkpolitikken: Korleis *kunne* den norske språkpolitikken ha sett ut om alle aktørar gjorde sitt beste for at nynorsk og bokmål hadde like gode kår, kva store utfordringar står vi overfor dei neste tiåra – og kva kan vera svar på desse utfordringane?

Innleiinga og ordskiftet er meint som eit oppspark til diskusjonen om arbeidsprogrammet. Det skal ikkje gjerast vedtak i denne saka.

SAK 8 FRÅSEGNER

DET LÅG FØRE FIRE FRÅSEGNER TIL FRISTEN, ALLE FREMJA AV STYRET:

1 NOREG 2050 – ÉIN MILLION NYNORSKBRUKARAR

Nynorsken treng ikkje fleire festttalar. Nynorsken treng eit taktskifte i norsk språkpolitikk.

Dei siste femten–tjue åra har nynorsken styrkt seg og står støtt på fleire område i samfunnet. Det har aldri vore skrive meir nynorsk enn i dag, og den politiske, sosiale og kulturelle aksepten er større enn nokon gong.

Språklova frå 2022 slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Likevel vert lova brote dagleg. Offentlege verksemder nedprioriterer nynorsk, digitale løysingar har bokmål som standard, og nynorskelevane manglar både læremiddel på nynorsk og lærarar som har kompetanse til å drive opplæring i og på nynorsk.

Ein meir offensiv språkpolitikk er mogleg. Walisisk har i dag om lag like mange språkbrukarar som nynorsk. Regjeringa i Wales har sett seg eit mål om at 1 million menneske skal snakke walisisk innan 2050, og det er sett av fleire titals millionar kroner til tiltaket. Tiltaka er konkrete, prioriteringane er tydelege, og med økonomiske løyvingar og strukturelle grep gjer dei språket meir synleg og meir brukt i kvardagen. Dei har mellom anna endra standardinnstillingane i programvare frå Microsoft på pc-ar i skulen og det offentlege til walisisk.

Noreg må la seg inspirere av Wales. Det er på tide at styresmaktene våre vågar å tenkje stort og nytt om språk. Heller enn å snakke om likebehandling av nynorsk og bokmål, må vi snakke om asymmetriske tiltak som favoriserer nynorsken, nettopp fordi det er det minst brukte språket. Nynorsken må få fordelaktige rammevilkår, slik at vi kan jamne ut det skeive tilhøvet mellom dei to norske skriftspråka.

Samfunnet vårt er allereie gjennomdigitalisert, og utviklinga skjer i eit veldig tempo. Dette får store følgjer for språkutviklinga i Noreg. Det er avgjerande viktig at norsk språkpolitikk blir styrt frå Stortinget, og ikkje frå hjørnekontor i California. Dei multinasjonale tekselskapa har allereie for stor påverknad på det norske språket. Dette er ikkje eit ansvar som kviler på kulturministeren aleine. Noregs Mållag meiner at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i større grad må ta språkleg ansvar.

Mange norske elevar får lese- og skriveopplæringa si på datamaskiner utan fungerande nynorsk stavekontroll. Selskapa som leverer programvare tar ikkje dette på alvor. Det er uholdbart, og i strid med lova. Det er på tide at staten utviklar egne skriveprogram til bruk i skulen.

Noreg treng eit nynorsk kulturløft. Noregs Mållag meiner det neste år må løyvast minst 50 millionar kroner til tiltak for nynorsk språk, litteratur, media og kulturformidling. Det må vere eit prinsipp at nynorskinstitusjonane deretter skal ha minst 3,5 prosent av kulturdelen på statsbudsjettet. Slik kan

42 regjeringa trygge den norske kulturarven og styrkje nynorsk som ein demokratisk fellesarena inn i
43 framtida.

44

45 Språklova gjev styresmaktene mandat til ein slik politikk. Ambisjonane i lova må følgjast opp med
46 handling.

47

48 **Noregs Mållag meiner**

49 • at regjeringa må legge fram ein handlingsplan for jamstilling mellom nynorsk og bokmål, med
50 konkrete tiltak som aktivt favoriserer, fremjar og styrkjer nynorsken

51 • at offisiell norsk språkpolitikk skal ha som ambisjon å auke talet på nynorskbrukarar

52 • at regjeringa må legge fram ein plan for norskspråkleg digitalisering

53 • at nynorskelevane får ein språkleg likeverdig skulekvardag som bokmålslevane

54 • at det blir løyvd pengar over statsbudsjettet til eit nynorsk kulturløft

55 • at staten utviklar eigne skriveprogram til bruk i skulen

56

57

58 **2 NOREG TRENG EIN NASJONAL TILTAKSPLAN FOR NYNORSK I NÆRINGSLIVET**

59

60 Næringslivet er ein sentral arena for språkbruk i Noreg, men dårlege rammevilkår svekkjer høvet til å bruke
61 nynorsk i privat sektor. Sjølv om språkval handlar både om identitet og språkleg vilje, ligg hovudproblemet
62 i dag i system, struktur og verktøy som i praksis motarbeider nynorsk som næringslivsspråk.

63 Nynorsk næringsliv rapporterer at tilhøva er utfordrande i ei rekkje bransjar, og mange opplever at det er
64 vanskelegare å drive verksemd på nynorsk enn på bokmål og engelsk. Programvare manglar
65 nynorskstøtte, digitale verktøy favoriserer bokmål, og store internasjonale teknologiselskap leverer
66 løysingar som overser språket vårt.

67 Bedrifter som vel å bruke nynorsk, må ta ekstra kostnader og omvegar som bokmålsbedrifter slepp. Når
68 språkvalet blir eit spørsmål om ressursbruk, fell likeverdet bort. Slik kan det ikkje vere.

69 To tredelar av norske arbeidstakarar jobbar i næringslivet. Likevel står dette samfunnsområdet utan eigne
70 språkpolitiske verkemiddel. Staten manglar òg grunnleggande kunnskap om kor mange verksemder som
71 faktisk brukar nynorsk, og kva slags barrierar dei møter. Skal språklova verke etter føremålet, må ho òg
72 omfatte næringslivet og sikre at nynorsk og bokmål kan brukast på like vilkår.

73 Andre språksamfunn, som Wales, Irland og Catalonia, viser at det er mogleg å tenkje større. Der får
74 næringslivet tilgang til alt frå gratis språktenester og støtteordningar for språkomlegging til samordna
75 press mot teknologigigantar for å sikre synlegheit for eigne språk.

76 Slike grep viser kva som er mogleg når styresmaktene set kraft bak ambisjonane, og når næringslivet blir
77 rekna som ein naturleg del av språkpolitikken, ikkje ei sidegrein.

78 Noreg treng eit tilsvarande språkpolitisk skifte. Nynorsk i næringslivet handlar ikkje berre om identitet –
79 det handlar om demokrati, digital suverenitet og like konkurransevilkår. Bedrifter som vil bruke nynorsk,
80 kan ikkje møtast med barrierar, ekstra tidsbruk eller høgare kostnader.

81 Språklova pålegg det offentlege å fremje nynorsk. Difor må staten sørgje for språklege rammevilkår som
82 gjer nynorsk og bokmål likeverdige i næringslivet, og språkvalet til bedriftene kostnadsnøytralt.

83

84 **Noregs Mållag meiner**

- 85 • at regjeringa må legge fram ein tiltaksplan for å styrke nynorsk i næringslivet
- 86 • at styresmaktene må sikre norsk språksuverenitet i digitaliseringa, gjennom språklege rammer og
87 tydelege krav til teknologigigantar som opererer i den norske marknaden
- 88 • at regjeringa må etablere ei tilskotsordning for bedrifter som treng støtte til omsetjing, språkvask,
89 omprofilering eller tekniske tilpassingar for å bruke nynorsk
- 90 • at regjeringa må styrkje kunnskapsgrunnlaget om nynorsk i næringslivet gjennom eit
91 forskingsprogram og eit årleg «språkbarometer» for nynorsk i næringslivet

92

93

94 **3 SPRÅKLOVA MÅ FÅ SANKSJONAR**

95

96 Sidan 1930 har vi hatt lover som skal sikre at det nynorske skriftspråket blir nytta i statleg forvaltning. Vi
97 har hatt mållovene frå 1930 og 1980, og i 2021 fekk vi ei ny språklov.

98 Med mållova frå 1980 fekk vi reglar som sette klare krav til fordelinga mellom nynorsk og bokmål i allment
99 tilgjengelege tekstar frå statsorgan som dekkjer heile landet. Slik er det framleis med den nye språklova,
100 uttrykt slik i § 13: «Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i
101 allment tilgjengelege dokument.»

102 Dette er ein god regel, men etterlevinga hos statsorgana er mindre god. Språkrådets rapport frå tilsynet
103 med språklova viste at berre 22 av 168 statlege verksemder som det vart ført tilsyn med, oppfylte krava til
104 veksling mellom nynorsk og bokmål i 2024. Dette er svært langt unna å vere godt nok, og det er ikkje ein ny
105 situasjon! I St.meld. nr. 13 (1997–98) slo Kulturdepartementet fast at «berre eit lite fåtal alle sentrale
106 statsorgan oppfyller det lovheimla minstekravet til bruk av nynorsk». Eit fleirtal i stortingskomiteen, alle
107 partia bortsett frå Høgre og Framstegspartiet, uttalte i Innst. S. nr. 174 (1997–98): «For å føre tilsyn med
108 mållova trengst det sanksjon. Dette ser ut til å vere naudsynt [...] i samband med brot på mållova.»

109 I 2000 kravde mellom anna Noregs Mållag at dette synspunktet skulle følgjast opp, men regjeringa – med
110 Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre – avviste det i St.meld. nr. 9 (2001–2002) og grunn gav det mellom
111 anna med at sanksjonar ville skape negative haldningar og gå ut over nynorsk som den mindre brukte
112 målforma.

113 Under førebuinga av den nye språklova var det heller ikkje aktuelt for regjeringa – samansett av Høgre og
114 Venstre – med sanksjonar, trass i at mange hadde støtta dette i samband med høyringa av lovframlegget,
115 sjå Prop. 108 L (2019–2020). I komitéhandsaminga uttrykte eit tverrpolitisk fleirtal godhug for prinsippet
116 om at sanksjonar bør greiast ut, jf. Innst. 253 L (2020–2021). Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk
117 Venstreparti fremja framlegg om å be regjeringa kome med framlegg om sanksjonar. Høgre og Kristeleg
118 Folkeparti uttalte at «at lova og dei andre verkemidla i denne proposisjonen må verte evaluerte seinast i
119 2030, og at ein då må vurdere om sanksjonar kan vere eit godt verkemiddel».

120 Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at brot på språklova må få konsekvensar. Tida er komen for å greie ut
121 kva som vil vere tenlege sanksjonar, og deretter innføre dei så fort som mogleg. Staten er ikkje komen i
122 mål i dag, og det er diverre ingenting som talar for at målet vil vere nådd før 2030. Det gjev difor lite
123 meining å kaste bort tid med å vente på året 2030. Landsmøtet meiner det er sjølvstøtt at Noregs Mållag
124 vert involvert i utgreiingsarbeidet.

125 Målet med sanksjonar må vere å plassere ansvaret for vekslinga mellom nynorsk og bokmål der det
126 høyrer heime, hos administrativ og politisk leiing i staten, og ikkje å hengje ut eller plassere ansvar hos
127 vanlege statstilsette. Sanksjonane er ikkje mål i seg sjølve, men eit verkemiddel for å få på plass rutinar og
128 dugleik hos statsorgana til å etterleve språklova i praksis. Berre slik kan målsetjingane i lova bli røyndom.

129

130

131 4 NYNORSKELEVANE TRENG EIN NY DEFINISJON AV LÆREMIDDEL

132 *Opplæringslova forsterkar dei digitale utfordringane for nynorskelevane. Slik kan me ikkje ha det.*

133 For mange nynorskelevar er den digitale skulekvardagen i stor grad dominert av bokmål. Dette går utover
134 kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og bryt med retten til opplæring på eige språk.

135 Då Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, vart det ikkje lovfesta krav om nynorskutgåve av
136 læringsressursar utvikla til bruk i skulen, slik ei samla målrørslé kravde. I staden ville stortingsfleirtalet
137 undersøkje korleis det står til med nynorske læringsressursar.

138 I 2025 var rapporten klar, og denne viser tydeleg at nynorskelevane møter alt for mykje bokmål i
139 skulekvardagen sin. Det finst mange færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål, og både elevar og
140 lærarar synest det er vanskeleg å finna fram til innhald på nynorsk.

141 Overgangen frå språkleg regulerte lærebøker til digitale ressursar har ført til at nynorskelevane får lesa og
142 høyra mindre nynorsk. Likevel er ikkje utviklinga ei naudsynt følgje av digitaliseringa, men ein konsekvens
143 av manglande språkleg regulering av den nye skulekvardagen. Utfordringa er at storparten av appane og
144 programma som vert brukte i skulen, fell utanom kravet om språklege parallellversjonar fordi dei ikkje vert
145 rekna som læremiddel.

146 Dagens definisjon av læremiddel fangar ikkje opp breidda av ressursar som vert brukte i skulekvardagen.
147 Tilbodet for nynorskelevane er ikkje godt nok, og difor må det stillast språkkrav til fleire av ressursane som
148 vert brukte i skulen.

149 Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at definisjonen av læremiddel i opplæringslova bør vera slik:

150 «Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i
151 opplæringa, som skal brukast i opplæringa, og som dekkjer delar av læreplanen i faget».

152 Ein utvida og oppdatert læremiddeldefinisjon vil sikra at krav til språk gjeld for mykje meir av det skriftlege
153 innhaldet i skulekvardagen. Slik kan nynorskelevane få den nynorske skulekvardagen dei treng for å bli
154 trygge nynorskbrukarar i framtida.

155

2

3 **Arbeidsprogram for Noregs Mållag 2026–2030:**

4

5 **Vegen mot Noreg 2050**

6

7 **INNLEIING**

8 Nynorsken står sterkt i Noreg 2026. Me omgjev oss til dagleg med store mengder tekst, og nynorsken
9 er med oss både på mobiltelefonen, på bussen, på skulen, i idrettslaget og på butikken. Heilt sidan
10 1800-talet har aktørar innan målrørsla kjempa fram trygge og stadig betre språklege rammevilkår i
11 landet vårt. Slik har nynorsken fått godt fotfeste og utvikla seg til eit moderne bruksspråk som over
12 ein halv million språkbrukarar no reknar som sitt hovudspråk.

13 Ifylgje ei undersøking frå 2023, kjenner nynorskbrukarar flest seg aksepterte, og er stolte av språket
14 sitt. Samstundes hadde også éin av seks av oss opplevd å få negative tilbakemeldingar på språket vårt
15 det siste året. Nynorskelevane i skulen møter alt for mykje bokmål i kvardagen sin, og det er ikkje like
16 lett å bruka nynorsk som bokmål, i digitale samanhengar. Den skriftnære bokmålstalen breier seg
17 som ringar i vatnet ut frå fleire av dei største byane i landet, og trugar lokale dialektar. Me har
18 framleis nokre utfordringar å gå i møte.

19 Likevel: På mange måtar er det i dag enklare å vera nynorskbrukar enn det har vore nokon gong
20 tidlegare. Sjølv om nokre høglytte miljø framleis nører oppunder negative haldningar til språket,
21 hevdar alle dei politiske partia at dei er opptekne av å stø nynorsken. Eit rekordstort Noregs Mållag
22 viser at nynorsken har mange allierte.

23 *Dette* er ei tid for å satsa. Å arbeida i medvind gjer det mogleg å nå større mål enn når ein stadig må
24 prioritera brannslukking. Det er no me må vatna marka, og syta for vidare gode vekstvilkår for
25 språket vårt. Difor er dette arbeidsprogrammet ikkje berre eit arbeidsprogram for dei neste fire åra,
26 men også ein visjon for kvar me vil ta Noreg og nynorsken fram mot 2050:

27 **I 2050 skal me vera 1 million nynorskbrukarar, og det skal vera like enkelt å vera nynorskbrukar**
28 **som bokmålsbrukar.**

29 Idéen om nynorsken i Noreg 2050 fungerer som ein mållagsoransje tråd gjennom heile denne
30 handlingsplanen. Mange av måla me set oss skal vera moglege å haka av etter den neste
31 fireårsperioden, medan andre må sjåast i ein meir langsiktig samanheng. Slik peikar me oss ut ei
32 retning og prøver å leggja opp ein meir offensiv strategi for målarbeidet framover.

33 For å lett kunna identifisera dei tiltaka i planen som siktar høgast, Noreg 2050-måla, er desse
34 markerte slik: ☆

35 Elles er oppsettet forma med føremål om å gjera arbeidsprogrammet til eit praktisk verktøy. Under
36 kvart tema dreg me difor fram ei rekkje mål me **skal jobba mot**, og plukkar samstundes ut tre eller
37 færre **prioriterte tiltak** me vil **gjennomføra**.

38 Kort oppsummert er arbeidsprogrammet *Vegen mot Noreg 2050* ei oppskrift på mykje praktisk
39 arbeid og ein plan for å nå nokre ganske så store mål. Med dette tek me Noregs Mållag og arbeidet
40 vårt i ei meir offensiv retning!

41

HOVUDSAKER:

42

STYRKJA DEN NYNORSKE GRASROTA

45 Å byggja og styrkja organisasjonen er noko av det viktigaste Noregs Mållag kan gjera for målsaka.
46 Medlemsveksten dei siste åra syner at det finst ein brei vilje til å stå opp for språkleg mangfald og
47 målsak, men veksten må også omsetjast til handling og aktivitet. Ein sterk organisasjon gjev tyngd i
48 den offentlege debatten, kapasitet til å driva langsiktig påverknadsarbeid, og kraft til å mobilisera
49 lokalt. Me skal vera ein sentral samfunnsaktør, og treng difor solide strukturar både sentralt, i fylka
50 og lokalt. Det er folka bak nynorsken som lyftar språket fram, og det er difor avgjerande å bruka tid
51 og ressursar på å byggja eit Noregs Mållag som kan vera ein samlande, inspirerande og slagkraftig
52 organisasjon.

53

NYNORSK I EIN DIGITAL KVARDAG

55 Teknologien formar både språket vårt og kvardagslivet vårt. Når meir og meir av samfunnslivet skjer
56 på skjerm, må nynorsken ha ein naturleg plass i alt frå sosiale medium til offentlege tenester og
57 kunstig intelligens. Å arbeida for nynorsk i digitale flater handlar om jamstilling, men òg om framtida
58 til nynorsken i eit samfunn som stadig blir meir teknologiavhengig. Taleteknologien baserer seg på
59 standardtalemål og dialektane blir fort pressa ut i denne utviklinga. Dette er noko av det viktigaste
60 arbeidet for målrørsla i tida me er inne i. Eit sterkt digitalt nynorsknærvær er ein føresetnad for at
61 språket skal leva vidare til kommande generasjonar.

62

NYNORSKLYFT I OPPLÆRINGA

64 Det er i opplæringa nye nynorskbrukarar kjem til, og det er også her mange fell frå. Arbeidet med å
65 sikra nynorsk i opplæringa er avgjerande, innan alt frå barnehage til doktorgrad, og både teoretisk og
66 yrkesretta utdanning. I opplæringsåra formar born og unge den språklege identiteten sin. Når elevar,
67 studentar, lærlingar og barnehageborn ikkje møter nynorsk, får for dårleg opplæring eller manglar
68 læremiddel og ressursar på nynorsk, påverkar det forholdet dei skal ha til språket resten av livet. Me
69 må sikra at elevar får møta nynorsk i klasserommet, og at sidemålsordninga vert styrkt i åra
70 framover.

71

1.0 ORGANISASJON:

73 Noregs Mållag har hatt stor medlemsvekst dei siste åra, frå 10.068 medlemer i 2010 til 16.456 i 2025.
74 Dette er eit resultat av grundig og målretta innsats i heile organisasjonen. Med mange røyster bak
75 krava våre, vert me sterkare. Høge medlemstal gjer det mogeleg å sikta høgt og nå ambisiøse mål.

76

77 Synleg medlemsvekst gjer også organisasjonen attraktiv og styrkjer mållagsidentiteten. Det gjev oss
78 tydeleg eigarskap til ei moderne målreising. Me må syta for at me er i stand til å halda fram å veksa,
79 men like viktig er det at me utviklar det handlingsrommet og kapasiteten som fleire medlemer gjev
80 oss. Å omsetja medlemsvekst til høgare aktivitet lokalt, er eit viktigast mål. Slik kan me skapa ny giv
81 og god rekruttering til styra i lokallag, yrkesmållag og fylkeslag, og skipa nye lag i område med mange
82 medlemer.

83

84 Å styrkja organisasjonen er å byggja eit sterkare lag. Me kan ikkje vera ei stadig kraftigare røyst i
85 ålmenta, viss me ikkje jobbar henne fram i fellesskap. Difor må eigarskapen til den moderne
86 målreisinga også gjelda internt. Det vert gjort mykje godt mål- og dialektarbeid i Noregs Mållag, men
87 me kan verta endå betre til å dela erfaringar mellom oss og byggja gode strukturar for å læra av
88 kvarandre. Kurs og samlingar er viktige i dette arbeidet, mellom anna for å gje nye medlemer og
89 tillitsvalde verktøy for å driva målarbeid, og for å halda kveiken oppe i heile laget.

90

91 1.1 LOKALLAGA

92 Sterke lokallag er heilt avgjerande for arbeidet i Noregs Mållag. Dei gjer det mogleg å fanga opp
93 viktige politiske prosessar, dra nytte av lokal kunnskap og skapa positiv blest og høgare medvit kring
94 nynorsken i lokalmiljø rundt om i heile landet. Politisk sterke lokallag kan også vera sosiale
95 møtepunkt for medlemer. Noregs Mållag er avhengig av både tillit og kompetanse lokalt.

96

97 Noregs Mållag skal

- 98 • fylgja opp nye lokallagsleiarar, syta for at dei er trygge i rolla si og har dei reiskapane dei
- 99 • treng for å driva godt lokallagsarbeid
- 100 • laga eit skuleringsopplegg for valnemndsarbeid
- 101 • skipa til seminar for nye lokallagsfolk
- 102 • stø laga med å påverka program og kandidatar før lokalvalet i 2027
- 103 • leggja til rette for å gjera lokallagsarbeidet enkelt, mellom anna ved å laga gode
- 104 • fellesskapsstrukturar for idéutveksling mellom lokal- og fylkeslaga
- 105 • hjelpe lokallaga til å få ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg andsynes
- 106 • kommunar og skule
- 107 • gjera fleire av laga våre i stand til å vera lokale vaktbikkjer og motivatorar. Sentrallekken skal
- 108 • gje dei støtte, skulering og dela informasjon
- 109 • skipa eit nettverk for dialektarbeid
- 110 • skipa eit nettverk for laga i dei største byane

111

112 **Prioriterte tiltak:**

- 113 • utvikla eit skuleringsprogram for styrefolk for å styrkja lokallaga
- 114 • vitja lokallag og stå på stand med dei
- 115 • ringja alle lokallagsleiarar minst ein gong i året

116

117 1.2 FYLKESLAGA

118 Fylkeslaga skal organisera og støtta lokallaga i sitt område. Laga er ei bru mellom lokallaga og
119 sentrallekken i Noregs Mållag. Sterke fylkeslag kan skapa godt arbeid mellom lokallaga og driva
120 målarbeid i sitt nedslagsfelt.

121

122 Noregs Mållag skal

- 123 • arbeida for at fleire unge vil ta på seg styreverv i fylkeslaget
- 124 • gje fylkeslaga skulering og informasjon slik at dei kan fungera som sterke lokale vaktbikkjer, som både kan gje støtte til lokallaga, men også driva viktig målarbeid på fylkesnivå
- 125 • stø fylkeslaga med å påverka program og kandidatar før vala i 2027 og 2029
- 126 • stø fylkeslaga i å skipa til inspirasjonsdagar for lærarar, ei årleg lokallagssamling, i tillegg til årsmøte og å skipa nye lokallag
- 127 • hjelpe fylkeslaga til å få ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg andsynes kommunar og skule
- 128 • skipa eit fylkeslag i Nordland

132

133 **Prioriterte tiltak:**

- 134 • laga eit mønsterarbeidsprogram for fylkeslag
- 135 • syta for at alle fylkeslag er representerte på relevante sosiale medium
- 136 • vitja alle fylkesårsmøta

137

138 1.3 YRKESMÅLLAGA

139 Yrkesmållaga er landsdekkjande og arbeider med spesialiserte målpolitiske saksområde. Desse laga fangar opp aktuelle saker på felte sine og representerer gode nettverk.

141

142 Noregs Mållag skal

- 143 • stø opp om tiltak og samarbeid mellom yrkesmållaga og lokal-/fylkeslag
- 144 • samarbeida med yrkesmållaga om saksutspel på dei ulike fagområda
- 145 • kartlegga potensielle nye yrkesmållag

146

147 **Prioritert tiltak:**

- 148 • bidra til at yrkesmållaga kan utvikla seg og veksa

149

150 1.4 AKTIVITET

151 Praktisk målarbeid er kjernen i Noregs Mållag. Å laga til seminar, møteplassar og andre typar hendingar i løpet av året, gjev inspirasjon og noko konkret å ta utgangspunkt i for heile organisasjonen. Aktivitetar er også viktige tiltak for å auka kompetansen både lokalt og sentralt.

154

155 Noregs Mållag skal

- 156 • skipa til ei samling for unge vaksne kvart år
- 157 • skipa til minst eitt fysisk nasjonalt seminar kvart år
- 158 • skipa til Nynorskstafetten kvart år i samarbeid med Norsk Målungdom
- 159 • tilby digitale kurs for lokal- og fylkeslag og medlemmer gjennom året

- 160 • stø særleg dei laga som treng det mest, i randsonene og andre område som er viktige for
161 nynorsken
- 162 • utvikla kampanjar til aktuelle målpolitiske saker
- 163 • dela ut Målprisen kvart år og målblome når det passar seg
- 164 • dela ut to nynorskstipend kvart år
- 165 • vurdera korleis ein skal markera 125-årsjubileet for Mållaget i 2031
- 166 • markera at det er 100 år sidan den fyrste mållova i 2030
- 167 • arbeida med å fylgja opp saker som gjeld rett og plikt til nynorsk etter opplæringslova og
168 språklova, og gjera tiltak for å samordna slikt arbeid med medlemene, lokallaga og fylkeslaga
- 169 • vidareutvikla samarbeidet med mindretals-/minioritetsspråk ute i verda, mellom anna
170 gjennom aktiv deltaking i det europeiske språknettverket NPLD
- 171 • samarbeida på tvers av organisasjonar i målrørsla gjennom Nynorsk forum

172

173 **Prioriterte tiltak:**

- 174 • markera og utvikla Nynorskveka og Nynorskdagen i samarbeid med Norsk Målungdom
- 175 • markera og utvikla Verveveka og Vervedagen
- 176 • arbeida for at nynorskpolitikk blir ei sak i stortingsvalet 2029, og at nynorsken kjem godt ut
177 av valet

178

179 **1.5 NORSK MÅLUNGDOM**

180 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Organisasjonane skal samarbeida
181 tett, halda kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og
182 røystingar. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeida om politisk påverknad, der Norsk
183 Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia. Mållaget har eit særskilt ansvar for å stø opp om
184 Norsk Målungdom både økonomisk og organisatorisk.

185

186 Noregs Mållag skal

- 187 • samarbeida med Norsk Målungdom om korleis eldre medlemmer i ungdomsorganisasjonen
188 kan føra vidare engasjementet sitt i Noregs Mållag
- 189 • invitera studentmållag og eldre medlemmer i Norsk Målungdom på aktuelle tilskipingar

190

191 **Prioriterte tiltak:**

- 192 • invitera til unge vaksne-samlingar i samarbeid med Norsk Målungdom
- 193 • oppmoda alle fylkeslag om å tilby ein fast styreplass til ein lokal representant frå Norsk
194 Målungdom
- 195 • samarbeida med Norsk Målungdom om å organisera og gjennomføra Nynorskstafetten

196

197 **1.6 INFORMASJON**

198 Informasjonsarbeid er viktig organisasjonsarbeid både internt og utoverretta. Utover er det slik me
199 byggjer opp ein identitet for organisasjonen vår og når ut med budskapet me vil formidla. Internt
200 trengst god informasjonsflyt for å gjera arbeidet enklare og å halda medlemene oppdaterte på
201 målsak. Tydeleg, kreativ og målgrupperetta kommunikasjon må prioriterast.

202

203 Noregs Mållag skal

- 204 • gje ut Norsk Tidend fire gonger i året
- 205 • ha daglege oppdateringar i sosiale medium
- 206 ☆ dobla rekkevidda for innhaldet vårt i sosiale medium
- 207 • senda ut nyhende-brev ein gong i månaden
- 208 • senda oppmodingar til medlemmer om å gje målgåver
- 209 • laga klistremerke og anna enkelt profileringsstoff
- 210 • utvikla meir tilfang og materiell til stand, som til dømes standstelt
- 211 • ha ei oppdatert og relevant heimeside

212

213 **Prioritert tiltak:**

- 214 • laga ei profilhandbok for Noregs Mållag, inkludert vurdering av ny logo

215

216 2.0 DIGITAL KVAR DAG:

217 Det er viktig at teknologien møter oss på språket vårt. Når teknologien kan språket vårt, kan han også
218 vera eit godt hjelpemiddel. Ei maskin gjer ingenting av seg sjølv. Ho er bygd av menneske og gjer det
219 menneske har sagt ho skal gjera. Me må stilla tydelege språkkrav til teknologien rundt oss.

220

221 Den digitale verda omkransar oss på mange vis. Det er avgjerande at denne infrastrukturen finst på
222 nynorsk. Er digitale plattformer, appar og tenester berre på bokmål eller engelsk, blir
223 nynorskbrukarar møtte med ekstra hindringar, og språket får dårlegare kår. Arbeidet for nynorsk i ein
224 digital samanheng er avgjerande for framtida til språket.

225

226 2.1 SOSIALE MEDIUM

227 Sosiale medium er ein stor del av kvardagen til mange. I alle sosiale medium er språk ein del av
228 mediet. Dei fleste sosiale medium er drivne og utvikla av store internasjonale selskap utan nasjonale
229 ansvar for språk. Folk må få møta nynorsk i desse kanalane.

230

231 Noregs Mållag skal

- 232 • arbeida for at norske og internasjonale selskap sikrar nynorskversjon av digitale plattformer,
233 og at staten og internasjonale samarbeidsorgan tek større ansvar på dette området
- 234 • lyfta fram nynorskprofilar på sosiale medium

235

236 **Prioriterte tiltak:**

- 237 • halda oversyn over kva digitale tenester som er på nynorsk, og gjera dette lett tilgjengeleg
238 for andre
- 239 • vera ei tydeleg nynorskkrøyst på sosiale medium
- 240 • visa fram digitalt dugnadsarbeid som medlemmer kan vera med på

241

242 2.2 DIGITALE TENESTER

243 Møtet med dagens offentlege Noreg er nesten heildigitalt. Føresetnaden om at nynorskbrukarar skal
244 få sjå og møta språket sitt skal ikkje verta sett til side når det er snakk om digitalisering og digital
245 infrastruktur. Særleg naudsynt er det at nynorsk ikkje kjem som ein ettertanke, og at nettsider og
246 programvare brukt av kritisk infrastruktur, har støtte for alle dei norske språka.

247

248 Noregs Mållag skal

- 249 • stø opp om programvare med open kjeldekode og dugnadsinitativ for dei norske
- 250 minoritetsspråka
- 251 • krevja at offentlege nettsider og digitale tenester hugsar språkvalet som er gjort av ein
- 252 brukar. Dei nasjonale innloggingsportalane må snakka saman om språket til brukaren
- 253 • arbeida for at viktige private digitale tenester finst på nynorsk
- 254 • arbeida for at styresmaktene krev at internasjonale selskap gjer det mogleg å leggja til
- 255 utvidingar slik at me sjølve kan utvikla og leggja til språksystem i dei store programma som
- 256 Google og Microsoft
- 257 • arbeida for at Digital Norway legg til rette for både nynorsk og bokmål i tilboda sine
- 258 • krevja at digital infrastruktur finst på nynorsk, både internt og i møte med brukarane
- 259 ☆ arbeida for at alt språk som møter deg på digitale einingar som mobil og PC, er på nynorsk

260

261 **Prioriterte tiltak:**

- 262 • syta for at språk må vera krav i anbudsprosessar. Det offentlege kan ikkje gjera innkjøp til
- 263 digital infrastruktur utan å stilla krav om både nynorsk og bokmål i språkinnstillingane
- 264 • syta for at statlege nettstader vekslar 50/50 mellom nynorsk og bokmål. I påvente av dette
- 265 bør alle statlege nettsider som finst i parallellutgåve, ha nynorsk som standardval.

266

267 2.3 SPRÅKTEKNOLOGI OG KI

268 Styresmaktene i Noreg ynskjer at Noreg skal gå føre i utvikling og bruk av kunstig intelligens. KI skal
269 vera ein del av arbeidsliv og privatliv, av offentleg sektor og privat sektor. Slik vert språkmodellane
270 også ein påverkar og brukar av språk i Noreg. Denne utviklinga må koma norsk språk til gode, spesielt
271 nynorsk. Teknologien kan gjera at oppgåver som før var vanskelege i dag kan løysast med eit
272 tastetrykk. Gjennom KI kan me få meir nynorsk til fleire, men maskinene skal ikkje ta makta over
273 språket. Den menneskelege språkdugleiken må framleis vektast høgast.

274

275 Noregs Mållag skal

- 276 • arbeida for at språkdata får status som data av høg verdi. Språkdata er svært viktig for
- 277 utviklinga framover og må vera del av ein den nasjonale vernebuinga
- 278 • arbeida for at språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og språksamlingane i ved Universitetet i
- 279 Bergen har gode vilkår
- 280 • krevja at staten tar ansvar for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for
- 281 nynorsk som for bokmål
- 282 • lyfta fram og bruka teknologi til å gjera nynorsk meir synleg

- 283 • saman med relevante aktørar stilla spørsmål og finna svar på kva som skjer med normeringa
284 av språket vårt når den største tekstprodusenten er ei maskin

285

286 **Prioritert tiltak:**

- 287 • krevja at styresmaktene tek ansvar for norsk språk i ein digital samanheng, mellom anna
288 gjennom ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering

289

290 **3.0 OPPLÆRING:**

291 Opplæringa har ei nøkkelrolle i å forma språkleg identitet og å sikra statusen til språka våre. Men
292 mange nynorskelevar får ikkje god nok opplæring i og på nynorsk.

293

294 Altfor mange born i nynorskområde går gjennom barnehagen utan å møta eige skriftspråk. Når dei
295 kjem til skulen, møter dei digitale læremiddel og plattformer som ikkje støttar hovudmålet deira – og
296 ei opplæring som ofte gjer nynorsk til ei plikt snarare enn eit alternativ. Dette er ikkje tilfeldig, men
297 eit resultat av politiske prioriteringar og strukturar som systematisk favoriserer bokmål på kostnad av
298 språkleg mangfald og rettferd.

299

300 Kva slags møte born får med nynorsken, både som hovudmål og sidemål, avgjer om dei utviklar ei
301 varig tilknytning, eller byter til bokmål. Ein skulekvardag dominert av bokmål, skapar språkleg ulikskap
302 og undergrev både språklege rettar og elevane si språkkjensle.

303

304 Noregs Mållag arbeider for eit heilskapleg opplæringstilbod der nynorsken blir sett på som ein
305 ressurs, ikkje som ei hindring. Det krev at det offentlege tek aktivt ansvar: politisk, økonomisk og
306 pedagogisk. Skal nynorsken leva som bruksspråk også i framtida, må born få møta han tidleg, jamleg
307 og i læringsmiljø der språket faktisk blir teke på alvor, ikkje berre på papiret.

308

309 **3.1 BARNEHAGE**

310 Kvar dag lærer barnehageborn noko nytt gjennom leik og fellesskap. Slik er barnehagen ein
311 grunnleggjande arena for språkstimulering og identitetsbygging. Likevel er barnehagesektoren ei
312 språkpolitisk øydemark, og det finst i dag få nasjonale krav eller forventningar til bruk av nynorsk i
313 barnehagane. Noregs Mållag arbeider for at nynorsk og dialekt skal vere ein del av leiken i
314 barnehagen og at born i område der nynorsk er opplæringsmål i skulen skal få verta kjente med
315 språket før dei startar på skulen.

316

317 Noregs Mållag skal

- 318 • arbeida for at barnehageborn i nynorskområde blir førebudd på å verta nynorskelevar
319 • krevja at rammeplanen stiller tydelege krav til barnehagar om å vareta nynorsk kultur og
320 tradisjon, t.d. gjennom feiring av nynorskdagen/nynorskveka

- 321 • krevja at rammeplanen for barnehagelæruddanninga stiller krav til kompetanse om nynorsk
322 språkutvikling og språkstimulering
323 • samarbeida med lokale mållag for å påverka kommunale og regionale planar slik at bruk av
324 nynorsk i barnehagen blir konkretisert og forplikta lokalt
325 • syta for at store private barnehageeigarar tek eit større ansvar for nynorsken
326 • sikra at alle barnehageforeldre får god informasjon om val av hovudmål før overgang til skule

327

328 **Prioriterte tiltak:**

- 329 • laga framlegg til lokale tilpassingar for språkstimulering og språkutvikling som
330 barnehageeigarane kan ta inn i sine styringsdokument, og tilby rådgjeving
331 • utvikla informasjonsbrosjyrar og korte filmar på ulike språk (inkludert nynorsk og bokmål)
332 som forklarar val av hovudmål i skulen og kva det betyr for barnet
333 • syta for at nynorskmateriell er tilgjengeleg i barnehagen

334

335 **3.2 SKULE**

336 Elevar og lærlingar med nynorsk som hovudmål har rett til ei opplæring som er likeverdig med den
337 bokmålselevane får. Dette er ein rett som i dag ofte ikkje alltid blir oppfylt. Tilgangen til kvalifiserte
338 lærarar, læremiddel og informasjon om språklege rettar er svært ulik frå kommune til kommune.
339 Dette skapar eit ujamt og sårbart tilbod, der nynorskelevar og -lærlingar si opplæring i praksis vert
340 styrt av lokale prioriteringar og ressursar. Når kvaliteten varierer så mykje, står retten til språkleg
341 likeverd i fare.

342

343 Nynorsken vert for mange redusert til eit pliktfgag i skulen. Han er då noko elevane må læra, snarare
344 enn eit språk dei har rett til å bruka og møta i alle delar av samfunnet. Denne snevre forståinga av
345 nynorsken undergrev statusen til språket og skapar distanse til nynorsken som eit levande
346 bruksspråk. Viss ein ikkje møter nynorsk som eit naturleg og relevant språk i klasserommet, er det òg
347 vanskeleg å byggja opp positive haldningar til nynorskopplæringa spesielt og nynorsken generelt.

348

349 **Noregs Mållag skal**

- 350 • arbeida for at norsk skal vera undervisingspråket i norsk skule
351 • arbeida for tiltak som gjer at talet på nynorskelevar går opp
352 • arbeida for insentivordningar for å gjera det meir attraktivt å velja nynorsk som hovudmål
353 • arbeida for tiltak for å styrkja skulemålet i randsonene
354 • krevja at innvandrarborn og flyktningborn får eit informert tilbod om opplæring i nynorsk
355 ☆ krevja at det blir oppretta ein fast nynorskklasser sentralt i dei største kommunane, utan
356 minstekrav til elevtal. Fyrste steg kan vera å gjennomføra ei forsøksordning med ein
357 modellkommune.
358 • krevja at det ikkje skal vera høve til å endra skulemålet frå nynorsk til bokmål dersom det er
359 fleirtal for nynorsk i ei rådgjevande røysting. Det må uansett vera to tredjedels fleirtal i
360 kommunestyret for å endra skulemålet frå nynorsk til bokmål
361 • arbeida for at kravet om at det må vera att 10 elevar med det vedtekne opplæringsmålet i
362 klassen for at ein kan skipa parallellklasse, må koma attende
363 • krevja at finansieringa av språkdelt grupper går direkte til dei kommunane som har
364 språkdeling

- 365 • arbeida for at færre får fritak for vurdering i sidemål og at reglane vert praktiserte etter
366 føremålet
- 367 • krevja at skuleeigarar kjenner og sikrar språkrettane til lærlingar gjennom heile
368 utdanningsløpet
- 369 • krevja eit betre kunnskapsgrunnlag gjennom oppdatert statistikk og systematisk
370 dokumentasjon av språklege praksisar og brot på rettar i skulen
- 371 • samarbeida med Utdanningsdirektoratet om å gjera meir språkstatistikk (Grunnskuleens
372 informasjonssystem) frå skulesektoren tilgjengeleg (t.d. tal på nynorskelevar,
373 skulemålsvedtak, elevgrupper/språkdelte klasser m.m.) for å auka lærarar og skuleeigarar sin
374 kunnskap om elevar sine språklege rettar

375

376 **Tre prioriterte tiltak:**

- 377 • arbeida for ein eigen karakter i sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande
378 skule. Eksamen i sidemål i vidaregåande skule skal vera obligatorisk med eigen eksamensdag
- 379 • få Riksrevisjonen til å undersøkje elevars rett til opplæring i og på nynorsk, slik dei gjorde
380 med samiske elevar i 2019
- 381 • arbeida for å setja i gang positive sidemålsforsøk

382

383 **3.3 NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR**

384 Språk er integrering. Det er ei stor utfordring når nynorskkommunar gjev vaksne innvandrarar
385 norskopplæring på bokmål. Det gjev språklege ringverknader i heile kommunen. Folkeveksten i
386 Noreg i dag og framover, vil i størst grad koma av innvandring. Det er viktig for nynorsk og den lokale
387 dialekta at denne gruppa får læra og bruka språket.

388

389 **Noregs Mållag skal**

- 390 • arbeida for at fleire nynorskkommunar skal ha nynorsk norskopplæring for vaksne
- 391 • arbeida for at fleire språkknøytrale kommunar skal ha tilbod om nynorsk norskopplæring for
392 vaksne
- 393 • krevja at innvandrarar skal få informasjon om den norske språksituasjonen i mottak
- 394 • arbeida for at arbeidsinnvandrarar frå EØS-området skal ha rett til norskundervisning
- 395 • arbeida for at læremiddel for vaksne innvandrarar skal ha same reglar som det
396 opplæringslova slår fast

397

398 **Prioriterte tiltak:**

- 399 • få 10 kommunar til å gå over til nynorsk norskopplæring for vaksne
- 400 • arbeida for at staten tek ansvar for å sikra nytt opplæringsmateriell på nynorsk, til dømes
401 gjennom støtteordningar

402

403 **3.4 LÆREMIDDEL**

404 Mange nynorskelevar møter for mykje bokmål i klasserommet. Retten til å møta sitt eige språk i
405 opplæringa er forsvunnen i ein diskusjon om definisjonen av læremiddel. I klasserommet vert ulike
406 ressursar, verktøy og middel brukt for at eleven skal læra. Men det er berre læremiddelet som skal
407 vera på nynorsk, ifylgje lova. Retten til opplæring på nynorsk, uavhengig av korleis den opplæringa
408 skjer, er ei av dei viktigaste sakene for Noregs Mållag.

409

410 Noregs Mållag skal

- 411 • arbeida for at skuleeigarar må ta ansvar for å kjøpa inn og bruka digitale læringsverktøy som
- 412 finst på nynorsk, og at dei sikrar at nynorskversjonen vert brukt. Hovudmålet til eleven skal
- 413 vera standardinnstilling på alle digitale læremiddel og læringsverktøy
- 414 • arbeida for at nynorske læremiddel har god språkleg kvalitet og ikkje berre er ei enkel
- 415 omsetjing av læremiddelet på bokmål
- 416 • krevja at det skal gå minst eitt år frå ein læreplan vert vedteken, til han vert innført, slik at
- 417 forlaga får god nok tid til å produsera både nynorsk- og bokmålsbøker
- 418 • arbeida for at foreldre ikkje har høve til å be om bokmålsbøker når eleven går på ein
- 419 nynorskskule

420

421 **Prioriterte tiltak:**

- 422 ☆ få staten til å utvikla eit eige skriveprogram til bruk i skulen
- 423 • arbeida for at definisjonen i opplæringslova av kva eit læremiddel er, må femna om meir, slik
- 424 at skuleeigar ikkje kan fylla skulekvardagen til nynorskelevane med digitale læringsressursar
- 425 på bokmål og engelsk
- 426 • få staten til å ta ansvar for å utvikla ei kvalitetssikra liste over digitale læremiddel som finst
- 427 på både nynorsk og bokmål

428

429 3.5 LÆRARUTDANNINGANE

430 Lærarutdanningane skal utdanna lærarar for heile landet, og då må alle lærarstudentar, uavhengig av

431 fag, rustast til å vera lærarar i klasserom der nynorsk er opplæringspråket. Det er avgjerande at

432 utdanningane (barnehage, grunnskule, faglærer, lektor og ppu) gjev oss framtidige lærarar som er

433 trygge og kompetente til å læra vekk det nynorske skriftspråket, og til å læra vekk andre fag på

434 nynorsk.

435

436 Noregs Mållag skal

- 437 • arbeida for at norsk må vera obligatorisk fag på grunnskulelærarutdanninga 5–10
- 438 • krevja at ein ikkje kan få fritak frå vurdering i sidemål i lærarutdanninga
- 439 • arbeida for at nynorskdidaktikk må vera ein del av lærarstudentane si utdanning, og at det
- 440 kjem gode etterutdanningstilbod i dette
- 441 • krevja at Universitets- og høgskolerådet stiller krav til nynorskkompetanse i dei nasjonale
- 442 retningslinjene til lærarutdanningane
- 443 • arbeida for eit forsøk med forkurs i nynorsk for studentar på lærarutdanningane
- 444 • krevja at nynorskkompetansen til lærarstudentane er synleg på vitnemålet
- 445 • arbeida for at barnehagelærer- og lærarutdanningane nyttar tenestene til Nynorsksenteret i
- 446 endå større grad
- 447 •

448 **Prioriterte tiltak:**

- 449 • få rammeplanane til å gjera tydeleg at det må vera krav til studentane sin
- 450 nynorskkompetanse i studieplanane
- 451 • innføra ein nasjonal deleksamen i norsk i lektorutdanningane
- 452 ☆ innføra at lærarstudentar skal ha nynorsk som arbeidsspråk på studiet, slik at minst
- 453 halvparten av skriftlege arbeidskrav på lærarutdanningane må leverast på nynorsk

454

4.0 FORSKING OG HØGARE UTDANNING:

Institusjonar for forskning og høgare utdanning er viktige premissleverandørar for storsamfunnet, og dei har eit lovfesta ansvar for å ta vare på og utvikla det norske fagspråket, både bokmål og nynorsk. Samstundes skal dei sikra studentane sine språkrettar. At nynorsk vert brukt i akademia er avgjerande for status og vidare utvikling av språket, men bruken i dag er altfor låg. Mange institusjonar bryt språkreglane, svært få gradar vert skrivne på nynorsk, og tilbodet om opplæring er ofte mangelfullt. Skal nynorsk overleva og utviklast som akademisk språk, treng det eit kraftig og målretta lyft.

Høgare utdanning og forskning er ein sektor med internasjonale mål. Institusjonane skal hevda seg i verdsmarknaden og vera ein del av den globale kunnskapsutvekslinga. Likevel kan ikkje dette overskygga det nasjonale ansvaret. Det som gjer norsk akademia særmerkt, er nettopp at det har røtene sine i Noreg. Språket er ein berebjelke i denne eigenarten. Det må vera mogleg å styrka norsk fagspråk og driva god norsk formidling samtidig som ein driv internasjonalt arbeid.

4.1 FORSKING

Forskning på alle ulike fagfelt legg grunnlaget for samfunnsdebatt og er arbeidsplass for svært mange. All forskning må kunna verta formidla på nynorsk, og det er også viktig med forskning om nynorsk. Det kan hjelpa oss å finna nye gode løysingar for å sikra den nynorske framtida, og gi oss verktøya me treng for å få gjennomslag for dei tiltaka me veit er naudsynte.

Noregs Mållag skal

- krevja at det blir sett krav om norskkompetanse for alle tilsette som jobbar med forskning, undervising og formidling i Noreg
- arbeida for meir fagfelleverdert forskning om situasjonen for nynorsk og anna fagfelleverdert forskning skrive på nynorsk

Prioriterte tiltak:

- gjera forskning om nynorsk kjend i våre kanalar
- ☆ arbeida for at det vert skapt eit statleg insentiv til dei som vil publisera forskning på eller om nynorsk

4.2 HØGARE UTDANNING

Nynorskstudentar må ofte gjera ein ekstra innsats for å kunna nytta nynorsk gjennom studiet, difor vel fleire å byta til bokmål i studietida. Mange studieprogram blir dominerte av engelsk, men storparten av studentane skal ut i eit norskspråkleg arbeidsliv, med både nynorsk og bokmål. Høgare utdanning skal gje studentane den faglege tyngda dei treng i arbeidslivet i framtida.

Noregs Mållag skal

- krevja at universiteta og høgskulane skal haldast til ansvar for sin eigen språkpraksis, og det må vera eit tema i styringsdialogen med departementet
- krevja at universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for å fremja norsk og særleg nynorsk på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk. Fagskulane må ha ei sentral rolle i dette arbeidet.
- arbeida for at studentane skal møta pensum på norsk, spesielt nynorsk, og at dei skal ha språkrettar ved obligatoriske arbeidskrav gjennom studiet

501

502 **Prioriterte tiltak:**

- 503 • laga oversyn over norskspråkleg pensum på viktige profesjonsutdanningar
- 504 • ha eit punkt om nynorsk i høgare utdanning på ei nasjonal tilskiping
- 505 • syna fram dei språkpolitiske strategiane til utdanningsinstitusjonane

506

507 **4.3 NORSK FAGSPRÅK**

508 Norsk språk, særleg nynorsk, er under sterkt press i academia. Engelsk tek meir og meir over og blir
509 fleire stader føretrekt over norske språk. Språket som er i bruk i utdanning og forskning, har mykje å
510 seia for språkbruk i resten av samfunnet. Difor er det avgjerande at academia brukar og utviklar
511 norsk fagspråk, og at det vert sett i verk tiltak for å stogga frammarsjen til engelsk språk i sektoren.

512

513 **Noregs Mållag skal**

- 514 • krevja at finansieringssystemet i høgare utdanning må premiera formidling til ålmenta og
515 utgjeving av lærebøker, avhandlingar og forskingsrapportar på norsk, særleg nynorsk
- 516 • samarbeida med fagspråksentera ved UiB og UiO
- 517 • arbeida for at det må finnast lærebøker og pensum på nynorsk og at institusjonane tek dei i
518 bruk, særleg i fag med mange studentar

519

520 **Prioritert tiltak:**

- 521 • gjera kjend og verna om støtteordningar for norskspråkleg faglitteratur, særskilt dei for
522 nynorsk faglitteratur
- 523 • arbeida for at norsk fagspråk og formidling er del av opprykkskrav i høgare utdanning

524

525 **5.0 KULTUR- OG MEDIEFELTET:**

526 Kultur- og mediefeltet gjev liv til nynorsk språk. Når nynorsk vert brukt i musikk, på teater, i tidskrift
527 og aviser, på TV og i dataspel og i romanar og dikt, vert språket eit uttrykk for noko meir enn
528 kommunikasjon. Alle språk må verta brukte på denne måten, men det skjer ikkje av seg sjølv.

529

530 I kommersielle samanhengar tapar ofte nynorsk mot fleirtalsspråket. Rammene rundt kulturen må
531 leggja til rette for at det skal vera kultur på nynorsk. Difor er kvoteringstiltak og særskilde
532 støtteordningar heilt naudsynte for nynorsken.

533

534 Dei nyare kultur- og mediefelta har i for liten grad fått særskilde tiltak for å styrkja nynorsk språk.
535 Difor er det for lite nynorsk i film og dataspel og mangel på nynorsk omsetjing av den store mengda
536 internasjonal litteratur i norsk bokmarknad. Me kan ikkje lena oss på språkpolitikk frå 70-talet,
537 politikken må stilla krav til dagens aktørar.

538

539 5.1 FILM, TV OG DATASPEL

540 Norsk Filminstitutt deler ut milliardar til produksjon av film, TV, og dataspel i Noreg – bransjen vert
541 berre større. Offentlege støtteordningar må ha språkkrav med seg. I ei tid der halvparten av
542 nordmenn ser på innhald gjennom strøymetenester kvar dag, er det spesielt avgjerande at norske
543 produksjonar speglar det norske mangfaldet, også språkleg.

544

545 Noregs Mållag skal

- 546 • arbeida for at filmene som ligg an til å verta dei største kassasuksessane i eit kinoår, får
- 547 teksting på både nynorsk og bokmål
- 548 • arbeida for at dei regionale filmsentera må haldast oppe for å sikra geografisk og språkleg
- 549 spreiring i filmproduksjonen
- 550 • setja krav om at filmene som vert synte til fleire tusen barn og unge gjennom Den kulturelle
- 551 skulesekken, er teksta på både nynorsk og bokmål
- 552 • krevja at støtteordningane frå staten til å utvikla dataspel må stilla språkkrav, og sikra at det
- 553 kjem dataspel med nynorsk tekst og tale

554

555 **Prioritert tiltak:**

- 556 ☆ stilla krav om at ein fjerdedel av tekstinga hjå strøymetenestene skal vera på nynorsk, slik at
- 557 alle skal kunna lesa både bokmål og nynorsk i undertekstar på desse plattformene

558

559 5.2 PRESSA

560 Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vera synleg i ålmenta. Det er viktig at me lyftar fram og
561 tar i bruk redaktørstyrte media. Desse har ei viktig rolle i bruk og utvikling av språket vårt. Særleg den
562 rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halda oppe statusen til og bruken av nynorsk.

563

564 Noregs Mållag skal

- 565 • stø opp om Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Desse må ha gode
- 566 vilkår slik at dei kan vera ein aktør for å sikra tilgangen til gode nynorskjournalistar
- 567 • arbeida for at journalistutdanningane må utdanna journalistar som kan skriva nynorsk
- 568 • krevja at både den direkte og den indirekte pressestøtta skal favorisera nynorsk
- 569 • arbeida for at aviser og blad som mottek pressestøtte, direkte og indirekte skal tillata innlegg
- 570 på nynorsk
- 571 • arbeida for at NRK Super innfrir nynorskprosenten og presenterer eit breitt spekter av
- 572 dialektar i tillegg til nynorsk normaltalemål
- 573 • halda på kravet om nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK
- 574 • arbeida for å fjerna nynorskforbod i avisredaksjonar

575

576 **Prioriterte tiltak:**

- 577 • krevja at NRK har minst 25 % nynorsk på nrk.no
- 578 • samarbeida med journalistutdanningane om gode tiltak for å gjera fleire trygge i nynorsk
- 579 • sikra at ein ny avtale om kommersiell allmennkringkasting skal ha talfesta krav til
- 580 nynorskbruk

581

582 5.3 LESING

583 Den nynorske litteraturen er stor og rik, og det kjem stadig til nye gode nynorske forfattarar. Dette er
584 eit teikn på ein livskraftig skriftkultur. Det er viktig at breidda i denne er tilgjengeleg i heile Noreg.
585 Samstundes er mengd ofte like viktig som breidde, difor er det avgjerande at også den omsette
586 litteraturen kjem ut på nynorsk. Me står i ei nasjonal lesekrise, der både born og vaksne treng lettvin
587 tilgang til fengande lesetilfang. Då må den nynorske litteraturen vera tilgjengeleg, tiltrekkjande og
588 omfangsrik. Nasjonale og lokale styresmakter satsar offensivt for å gjera oss til betre lesarar, og det
589 er viktig at nynorsken også er ein del av desse satsingane. Lesekrisa gjeld i minst like stor grad på
590 nynorsk som på bokmål.

591

592 Noregs Mållag skal

- 593 • dela ut nynorsk barnelitteraturpris og nynorsk litteraturpris
- 594 • rusta lokallaga til å driva «les nynorsk»-kampanjar i lokalmiljøa
- 595 • arbeida for at Lesesenteret tilbyr alle tenestene sine på nynorsk
- 596 • arbeida for at Samlaget si løyving over statsbudsjettet blir auka, gode tilskotsordningar for
- 597 nynorsk litteratur i andre forlag og gode stipend for nynorske forfattarar
- 598 • sikra eit breitt utval av nynorske lydbøker
- 599 • samarbeida med bibliotek i heile landet om formidling av nynorsk litteratur, og arbeida for at
- 600 nynorsk formidling vert tematiserast i bibliotekarutdanninga
- 601 • bidra i arbeidet med å gje skuleelevar tilgang til gode skulebibliotek
- 602 • senda ut tøyveskebibliotek med nynorske barnebøker til barnehagar, for utlån til høgtlesing i
- 603 heimane
- 604 • utarbeida eit teksthefte for elevar på 5. trinn, med eit breitt utval nynorske tekstar, til
- 605 utdeling og bruk i skulen

606

607 **Prioriterte tiltak:**

- 608 ☆ få i stand ei «Heile Noreg les nynorsk»-ordning, saman med Kulturdepartementet og/eller
- 609 Kunnskapsdepartementet, der alle innbyggjarar får ei gratis nynorskbok ein gong i året
- 610 • arbeida for ei tilskotsordning for omsett litteratur på nynorsk
- 611 • arbeida for ei automatisk innkjøpsordning for omsett barne- og ungdomslitteratur på
- 612 nynorsk (inkl. sakprosa)

613

614 5.4 KUNST OG KULTUR

615 Artistar som syng på nynorsk og dialekt og teater som spelar på nynorsk og dialekt lyftar språket
616 fram, og gjev det status og liv. Me må støtta dei som gjer språket synleg på scena, i musikken, i
617 litteraturen, på museum og gjennom andre kunstuttrykk. Her vert nynorsken verkeleg eit språk for
618 alle.

619

620 Noregs Mållag skal

- 621 • stø opp om artistar som ynskjer å bruka nynorsk og dialekt
- 622 • samarbeida med Nynorsk kultursentrum
- 623 • stø Nynorsk kultursentrum sitt arbeid med bevaring av privatarkiv knytt til nynorsk

- 624 • arbeida for at dei over 20 statsstøtta teatra aukar talet på nynorske oppsetjingar og brukar
625 fleire nynorske omsetjingar og omsetjarar
626 • arbeida for styrking og sikring av opplæring i nynorsk scenespråk ved
627 skodespelarutdanningane. Særleg høgskulen Kristiania som er den største
628 skodespelarutdanninga i dag
629 • stø opp om Det Norske Teatret og andre teater som har nynorsk som scenespråk

630

631 **Prioritert tiltak:**

- 632 • trekkja fram gode nynorskføredøme i kanalane våre

633

634 **6.0 SAMFUNNSLIV:**

635 Nokon må bruka ordet. Der nynorsk er mykje brukt får språket høgare status, og blir oppfatta som
636 like naturleg og relevant som bokmål og engelsk. Difor er det avgjerande at lagsliv, næringsliv,
637 trdomssamfunn og partane i arbeidslivet tek språkansvar og nyttar nynorsk systematisk. Når
638 nynorsk har ein naturleg plass i alt frå møter til marknadsføring, byggjer det opp statusen til nynorsk
639 og gjer det lettare for alle å ta i bruk språket.

640

641 I lokalsamfunnet kan nynorsk fungera som eit felles uttrykk for identitet og tilhøyrslø. Det kan gjera
642 det enklare for nye generasjonar å ta språket i bruk. Nynorsk skal ikkje verta redusert til eit språk ein
643 berre møter i skulen, nynorsk skal vera eit bruksspråk i heile samfunnslivet.

644

645

646 **6.1 NÆRINGS LIV OG ARBEIDSLIV**

647 Det skal vera like lett å vera nynorskbedrift som å vera bokmålsbedrift. Nynorsk er ein ressurs for
648 næringslivet, og mange bedrifter viser korleis språket kan gje både lokal forankring, eit tydeleg
649 særpreg og minst like stor suksess som bokmål kan. Når bedrifter og organisasjonar vel nynorsk, gjer
650 dei ikkje berre eit språkpolitisk val, dei byggjer identitet, styrkjer merkevara si og viser språkleg
651 ryggrad.

652

653 Noregs Mållag skal

- 654 • ha kontakt med både arbeidsgjevar- og arbeidstakersida for å fremja nynorsk i arbeidslivet
655 • samarbeida med Nynorsk bedriftsforum om gode tiltak for nynorsk næringsliv
656 • stø arbeidet lokallaga gjer for meir nynorsk i det lokale næringslivet
657 • føra vidare og utvikla #nynorskverksemd-kampanjen saman med lokallaga

658

659 **Prioriterte tiltak:**

- 660 • dela ut Nynorsk næringslivspris ein gong i året
661 • arbeida for at fleire større nasjonale verksemdar får ein meir nynorsk profil
662 • arbeida for ein nasjonal tiltaksplan for å styrkja nynorsk i næringslivet

663

6.2 FRIVILJUGE ORGANISASJONAR

665 Tal frå 2024 viser at 61 % av folk i Noreg har gjort frivillig arbeid det siste året. Dei engasjerer seg i
666 målarbeid, det lokale fotballaget, spelar i korpset, jobbar på festivalar og mykje meir. Mange
667 friviljuge organisasjonar er store og landsdekkjande, og er ein viktig del av mange lokalsamfunn.
668 Samtidig ser me at medvitet om det språkpolitiske ansvaret deira ofte er lågt. Det er særleg viktig at
669 lag og organisasjonar som arbeider med barn og unge, nyttar nynorsk.

670

671 Noregs Mållag skal

- 672 • motivera frivillige organisasjonar til meir bruk av nynorsk i lagsverksemda
- 673 • samla kunnskap om stoda for nynorsk i dei friviljuge organisasjonane
- 674 • byggja nettverk med nynorskvennlege folk i andre friviljuge organisasjonar og i politiske parti
- 675 • oppmoda dei politiske partia om å ha partiprogramma sine på nynorsk
- 676 • oppmoda friviljuge organisasjonar om å arbeida for at digitale tenester for påmelding og
677 kommunikasjon i samband med fritidsaktivitetar (til dømes Hoopit/Spond) som
678 foreldre/føresette møter kvar dag, også er på nynorsk

679

680 **Prioriterte tiltak:**

- 681 • dela informasjon om kva me meiner det språkpolitiske ansvaret til friviljuge organisasjonar
682 er, i tillegg til tips og triks for å driva ein nynorskspåkleg organisasjon
- 683 • krevja at landsdekkande organisasjonar som driv kampanjar over heile Noreg, lagar
684 materiellet sitt på nynorsk
- 685 • ha årlege samarbeidsmøte med Frivillighet Norge

686

6.3 SAMARBEID MED ANDRE SPRÅKGRUPPER I NOREG

688 Kampen vår for nynorsken har mykje til felles med utfordringane til dei andre språkgruppene i Noreg
689 (for samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk). Alle opplever me å stanga mot ein
690 stat som ikkje vil ta språket med inn i styringsrommet. Me har liknande utfordringar når det kjem til
691 press frå majoritetspråket, manglande læremiddel, ressursar som ikkje finst på språka våre,
692 utfordringar med bruk i arbeidslivet og synlegheit i samfunnet som heilskap.

693

694 Noregs Mållag skal

- 695 • byggja nettverk og finna fellesskap med andre språkgrupper i Noreg
- 696 • uttala seg i aktuelle saker som gjeld andre språkgrupper i Noreg

697

698 **Prioriterte tiltak:**

- 699 • ha årlege møte med Sametinget
- 700 ☆ arbeida for at staten opprettar eit språkpolitisk råd for organisasjonar som representerer
701 minoritets- og mindretalsspråk i Noreg

702

7.0 DET OFFENTLEGE NOREG:

704 Språklova slår fast kva plikter og krav stat, kommune og fylke har til bruk av nynorsk. Det gjer at det
705 offentlege er den einaste delen av samfunnet der nynorskbrukarar kan vera sikre på å både få møta
706 språket sitt og ha rett til å bruka det.

707

708 I føremålsparagrafen til språklova blir det slått fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å
709 fremja nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Dette må føra til ein langt meir offensiv
710 språkpolitikk.

711

712 Staten har makt til å stilla krav til selskap og institusjonar, og til å skapa forventingar om reell
713 språkleg likeverd i heile samfunnet. Noregs Mållag må vera den som held staten ansvarleg og minner
714 han om at bruk av nynorsk ikkje berre er eit lovkrav, men at språket har ein eigenverdi og er viktig for
715 demokratiet og den norske kulturarven.

716

717 7.1 KOMMUNE OG FYLKESKOMMUNE

718 Nynorskkommunane og -fylkeskommunane er svært viktige for å halda oppe og å hegna om det
719 nynorske skriftspråket. Når kommunen tek språket på alvor skapar han eit felleskap og gjer nynorsk
720 til eit levande bruksspråk. Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til
721 det dominerande bokmålet.

722

723 Noregs Mållag skal

- 724 • vera i kontakt med dei store tenesteleverandørane til kommunal sektor og arbeida for at dei
- 725 skal få eit mykje betre tilbod på nynorsk
- 726 • arbeida for at nynorskkommunar aktivt søkjer og favoriserer nynorskkompetanse i
- 727 tilsetjingsprosessar
- 728 • arbeida for at det vert ført tilsyn og kontroll med at kommunar og fylkeskommunar gjer det
- 729 dei skal etter språklova
- 730 • samarbeida med Nynorskkommunane – LNK for å halda ei jamleg oversikt over kva
- 731 utfordringar nynorskkommunane er opptekne av
- 732 • krevja at det offentlege stiller rimelege språkkrav til mottakarar av offentlege
- 733 støtteordningar til kultur- og næringsføremål

734

735 **Prioriterte tiltak:**

- 736 • reisa på ein årleg nynorskstafett til eit utval kommunar i kjerneområde og randsone. Det er
- 737 eit mål at ein i større grad blir kjent med IKT-arbeidet i kommunane gjennom stafetten
- 738 • arbeida for at alle kommunar som har vedtak om nynorsk tenestemål skal vedta å ha nynorsk
- 739 som administrasjonsspråk
- 740 • arbeida for at alle kommunar som har nøytralt tenestemål må ha ein språkbruksplan

741

742 7.2 STAT

743 År etter år har nynorskprosenten i statlege verksemdar vore langt under kravet. Resultatet er at
744 staten sjølv undergrev språkpolitikken han er sett til å gjennomføre. Når staten ikkje tek
745 språkansvaret sitt på alvor, sender han eit signal til andre aktørar i samfunnet om at språkkrav kan
746 ignorerast, og svekkjer dermed heile språkpolitikken. Staten må gå føre som eit tydeleg førebilete.

747

748

- 749 Noregs Mållag skal
- 750 ☆ krevja at regjeringa oppnemner ein eigen språkminister som skal ha øvste ansvar for språk
- 751 på
- 752 tvers av departementa
- 753 • krevja at språklovbrot vert møtte med sanksjonar
- 754 • arbeida særskilt for at det skal bli meir nynorsk i SMK
- 755 • krevja at språkkrav skal vera ein del av offentlege anbodsprosessar
- 756 • arbeida for at alle nye lover blir skrivne på nynorsk
- 757 • arbeida for ein nasjonal handlingsplan for jamstilling mellom bokmål og nynorsk, med
- 758 konkrete tiltak som favoriserer nynorsken
- 759 ☆ arbeida for at Udir vert flytta nærare det nynorske kjerneområdet, t.d. Bergen

760

761 **Prioriterte tiltak:**

- 762 • arbeida for at me får fleirtal på Stortinget for grunnlovsframlegget om statusen til norsk
- 763 språk og jamstillinga mellom nynorsk og bokmål
- 764 • be om ei ny stortingsmelding om språk som kan fylgja opp «Mål og meining» frå 2008

765

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.

DENNE SAKA INNEHELD TRE VEDTAKSPUNKT:

- 10.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2028–2030
- 10.2 Årspengar for 2028 og 2029
- 10.3 Budsjett for 2027 og 2028

ØKONOMISKE STYRINGSVERKTØY

Desse styringsverktøya er planlagde for den toårige landsmøteperioden:

Budsjett for to år blir vedteke av landsmøtet.

Revidert driftsbudsjett blir vedteke av styret år for år.

Prognose blir lagd fram for styret til orientering og som grunnlag for eventuelle åtgjerder. Prognosen er resultatet av kjende tal for den delen av året som er gått, kombinert med ei vurdering av sannsynleg utvikling resten av året.

Driftsresultat per førre månad blir lagt fram for styret saman med prognosen. Rekneskapstala blir jamførte med driftsbudsjett og året før.

Årsrekneskap blir godkjend av landsmøtet i samsvar med § 5.1 i lov for Noregs Mållag.

Prosjektbudsjett som identifiserer inntekter og kostnader for dei ulike tiltaka og planane som skal gjennomførast.

Tiltak i arbeidsprogrammet må dermed talfestast i kostnader og inntekter så langt råd er. Arbeidet med slik prosjektbudsjettering kan fyrst ta til etter at landsmøtet har vedteke arbeidsprogrammet. Det reviderte budsjettet som styret vedtek, blir dermed det viktigaste grunnlaget for den økonomiske drifta av organisasjonen.

Konsekvensen av å bruka desse økonomiske styringsreiskapane er at det er både ynskjeleg og naudsynt at budsjettdrøftinga på landsmøtet rettar seg mot dei overordna måla og tala. Landsmøtet vedtek dermed eit rammebudsjett med visse resultatkrav, som det blir styret si oppgåve å realisera innanfor dei føresetnadene som er stilte.

Driftsåret i eit ordinært landsmøteår ser slik ut:

- Februar/mars: Styret vedtek tilråding av budsjett for dei neste to åra for landsmøtet.
- April: Landsmøtet vedtek budsjett for dei neste to åra, i tråd med § 5.1 i lov for Noregs Mållag
- Mai/juni: Styret får driftsresultat per april og prognose til orientering, og gjer eventuelle vedtak om tiltak.
- August/september: Styret får driftsresultat per juli og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.
- Nov./desember: Styret får driftsresultat per oktober og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.
- Januar: Styret vedtek revidert budsjett for arbeidsåret med grunnlag i arbeidsprogrammet og resultatet for førre året.
- Mars: Styret avsluttar arbeidet med rekneskapen for året før.
- April: Landsmøtet godkjenner rekneskapen for dei to førre åra.

I oddetalsår er det ikkje landsmøte, og rekneskapen vil då bli vedteken i styret og lagd fram for neste ordinære landsmøte.

10.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2028–2030

Landsmøtet i 1991 opna for frikjøp av leiar e.a. gjennom denne merknaden til budsjettet for 1992:

På lønsbudsjettet vil det bli gitt rom for løna leiar/frikjøp av leiar. Desse midlane blir brukte til frikjøp av leiar, andre styremedlemmer og eventuelt andre, etter vedtak i styret.

I 2007 vedtok landsmøtet:

Landsmøtet bed styret om å på landsmøtet i 2008 innstilla på leiarløn både for perioden 2008–2009 og 2009–2010. For seinare landsmøte skal vedtak om leiarløn vera ein del av det budsjettet som landsmøtet har oppe til vedtak, slik at landsmøtet i 2009 vedtek leiarløn for april 2010 til april 2011.

Denne ordninga har sidan vore brukt på ulike måtar. Både for valnemnda og for den som blir vald som leiar, er det naudsynt at rammevilkåra for leiaren er klare for kvar funksjonsperiode. Summen i budsjettet bør vera ei maksimalramme, og styreleiaren står fritt til å ta ut honorar for ein mindre brøk enn 1/1 stilling. Det er heller ikkje sjølvstakt at frikjøpssummen for styreleiar skal vera identisk med løn til dagleg leiar. Behov, kompetanse, arbeidsmengd og arbeidsfordeling kan skifta. Styret legg til grunn for innstillinga si til landsmøtet, at leiaren vert frikjøpt med utgangspunkt i den løna vedkomande har i den ordinære stillinga si. Styret ynskjer likevel å leggja løna rimeleg høgt, ut frå ei vurdering av det ansvaret og den arbeidsbyrda som ligg til leiaren i Noregs Mållag. Det føreslegne lønsspennet representerer difor styret si vurdering av kva som bør vera lågaste og høgaste moglege lønsinnplassering for dei komande arbeidsåra.

Det er i alle høve landsmøtet som må fastsetja den årlege summen. Løna til dagleg leiar er no 892 644 kroner.

Dersom andre styremedlemer skal frikjøpast, legg styret til grunn at dei vert frikjøpte i den løna dei har, men med same maksimumsløn som leiaren.

Landsmøtet i 2024 gjorde vedtak om å setja av lønsmidlar til frikjøp av styreleiar for perioden 2026–2028 i full stilling i lønnssteg 69–80, dvs. 679 700–870 900 kroner.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2028–2030 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i eit lønsspenn på 750 000–930 000 kroner. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.

10.2 ÅRSPENNGAR FOR 2028 OG 2029

Årspanngane er sette til 330 kroner for 2026 og til til 340 kroner for 2027. Landsmøtet skal fastsetja årspanngar for 2028 og 2029. Fastsetjing av årspanngar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6: *Noregs Mållag har faste årspanngesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspanngar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.*

§ 3.2 seier dette om årspanngar frå Norsk Målungdom:

Norsk Målungdom svarar ei - 1 - krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

Landsmøtet skal også vedta tilrådd sats for lokallaga og fylkeslaga.

Styret gjer framlegg om å halda medlemspanngane på same sum som 2027.

Årspanngar - nominell og reell auke 2010–2027

År	Nom kr	2025-kr	Konsumprisindeks
2029	340	310	109,8
2028	340	315	107,9
2027	340	322	105,6
2026	330	320	103,2
2025	310	310	100 (nytt basisår (startindeks 100) innført frå 2025)

Gamal tabell frå førre basisår, 2010:

2024	310	238	126,1
2023	300	250	120,2
2022	300	253	118,4
2021	300	260	115,4
2020	300	265	113,1
2019	290	262	110,8
2018	290	268	108,4
2017	290	275	105,5
2016	290	280	103,6
2015	280	280	100

MERK: Tabellen syner nominell og reell kroneverdi ut frå framlegget til medlemspanngesats. Prognose for åra 2027–2029: 2,4 %, 2,3 % og 1,9 % prisauke. Det er ikkje teke omsyn til at dei røynelege utgiftene for Noregs Mållag er større enn prisauken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

*Årspanngane for 2028 og 2029 blir sette til 340 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner. **Nye medlemer betaler 200 kroner - og ved innmelding frå og med 1. oktober gjeld betalinga også for kalenderåret etter.***

9.4 BUDSJETT FOR 2027 OG 2028

Tal i 1000 kroner, oversyn over kostnadene følger på neste side. Kva som løyner seg attom dei ulike postane, kan ein få god oversikt over i årsmeldinga, der postane er kommenterte saman med presentasjonen av rekneskapen.

	Rekn 24	Rekn 25	Lm-vedtak Bud 26	Revidert styret 26	Framl. 2027	Framl. 2028
INNTEKTER						
Sal av materiell	134	291	85	280	150	160
Norsk Tidend	45	86	80	80	80	80
Adventskalender	104	122	100	120	120	130
Medlemspengar	5724	5656	5800	5930	6070	6150
Prisar og stipend	133	133	133	133	133	133
Landsmøte	1262	0	1250	1278	0	1400
Møte-/seminarinntekter	54	62	50	30	80	30
Tenestosal	0	0	30	7	8	8
Målgåver	1964	1883	1850	1900	1950	2000
Statstilskot	6670	6920	7000	8495	8660	8850
Tilskot Utdanningsdirektoratet	0	0	0	300	300	0
Oslo Nye Sparebanks fond	0	0	0	850	0	0
Løyvingar, gåver, sponsor	22	1196	50	170	50	50
Prosjekt i fylkeslaga	405	669	460	700	740	780
Leige- og kontorinntekter	11	102	200	110	110	120
Mva-refusjon	810	863	770	790	870	840
Sidemålskampanje		286	0	0	0	0
Ymse	327	326	110	260	200	200
Sum inntekter	17 665	18 595	17968	21 433	19521	20931

	Rekn 24	Rekn 25	Lm-vedtak Bud 26	Revidert styret 26	Framl. 27	Framl. 28
Kostnader						
Materiell for sal	125	181	100	230	150	100
Norsk Tidend	1057	886	920	925	945	960
Andre trykkjekostnader	178	93	120	120	140	110
Adventskalender	58	65	42	70	70	75
Refusjon medlemspengar	1361	1406	1300	1450	1490	1520
Løn og honorar	6810	7860	7700	8930	9140	9000
Støtte til fylkeslaga	791	670	720	720	780	820
Husleige, straum, reinhald	508	426	790	520	520	520
Presseklypp, kom.tenester	113	113	110	115	120	120
Prisar og stipend	205	267	230	245	250	260
Drifts- og kontorutg.	2582	1806	1550	1770	1850	1780
Landsmøte	2250	0	1750	2580	0	2800
Seminar, konferansar, arr.	188	231	245	160	372	180
Styre-/landsrådsmøte	303	270	208	420	390	410
Andre møte og reiser	280	303	290	360	380	350
Prosjekt i fylkeslaga	405	669	460	700	740	780
Løyvingar/gåver/sponsor	63	85	40	220	70	70
Løyving NMU	350	420	420	420	420	420
Skulemålsarbeid	89	13	120	100	100	80
Digital nynorsk (prosjekt)	0	0	30	50	50	0
Lesetiltak bhg og skule (prosj.)	0	0	0	200	300	0
Oppfølging språklova (prosjekt)	0	0	20	30	30	20
Nynorskveka	0	0	0	150	30	30
Sidemålskampanje	0	483	0	0	0	0
Språkstafetten	130	191	200	200	210	220
Organisasjonstiltak	254	318	400	400	400	400
Avskrivning fast eigedom	393	393	145	400	400	400
Avskrivning inventar	27	27	5	30	30	30
Eigedomsskatt	49	48	0	50	52	54
Sum kostnader	18569	17224	17915	21565	19429	21509
Resultat før finanspostar	-904	1371	53	-132	92	-578
Finanspostar						
Utbyte	0	22	10	22	10	10
Finansinntekter	120	161	80	161	160	160
Rentekostnad lån	-332	-132	-58	-55	-50	-50
Finansutgifter	-99	-59	-80	-44	-32	-14
Sum finanspostar	-311	-8	-48	84	88	106
RESULTAT	-1215	1363	5	-48	180	-472

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2027 og 2028 som er lagde fram med årsresultat på 180 000 kroner og -472 000 kroner.

Ola Mestad og **Martin Kolberg** innleier om saka, Mestad om framlegget som er til handsaming i denne stortingsperioden, og Kolberg om arbeidet inn mot 2014.

Ola Mestad er professor emeritus i rettsvitenskap ved Nordisk institutt for sjørett, juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo. Han var styreleiar for forskingskomiteen for Grunnlovsjubileet 2014, har gjeve ut boka *Grunnloven, historisk kommentarutgåve* og fekk formidlingsprisen frå UiO i jubileumsåret.

Martin Kolberg er tidlegare partisekretær og stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet. Han var leiar i kontroll- og konstitusjonskomiteen då Grunnlova vart vedteken på nynorsk i 2014.

Framlegget som skal handsamast i Stortinget seinast i september 2028, har denne ordlyden:

Ny § 120 b skal lyde:

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.

Innleiingane og ordskiftet er meint som ei skulerings- og orienteringssak. Det skal ikkje gjerast vedtak i denne saka.

SAK 12 STASJONSUNDERVISING

Me vidarefører suksessen frå 2024 med stasjonsundervising. Det vil seia at innleiaren vert ståande i same rom, medan utsendingane går frå rom til rom og får høyra alle innleiingane i tur og orden.

De vil få utdelt ei gruppeinndeling på landsmøtet med informasjon om kvar de startar og kva rekkjefylgje de skal gå til dei ulike seminarane i.

Kvart seminar varer i 18–20 minutt og er ei rask innføring i og tips til korleis eit arbeid eller ein aktivitet kan gjennomførast. Det vil vera rom for eit par raske spørsmål på slutten av kvart seminar.

DEI ULIKE SEMINARA ER:

A SPRÅKTEKNOLOGI PÅ 1-2-3

v/ Matias Jentoft, seniorrådgjevar i Språkrådet

B KORLEIS VERA AKTIVIST I SOSIALE MEDIUM

v/ Tonje Kildal, kommunikasjonsrådgjevar i Noregs Mållag

C KORLEIS ARBEIDA MED DIALEKT LOKALT

v/ Magne Aasbrenn, tidlegare leiar i Mållaget, no leiar i Fredrikstad Mållag

D KORLEIS FÅ NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

v/ Øystein Skjæveland, nestleiar i Kvinnherad Mållag

SAK 13 VAL

Valnemndsleiar Marit Aakre Tennø innleier til val av styre. Leiar Peder Lofnes Hauge legg fram innstillinga på ny valnemnd for 2026–2028 og revisor for 2026 og 2027.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 13.1 Val av styre
- 13.2 Val av valnemnd
- 13.3 Val av revisor

13.1 VAL AV STYRE

STYRET HAR I ARBEIDSPERIODEN 2024–2026 VORE:

leiar	Peder Lofnes Hauge (AU)	
nestleiar	Live Havro Bjørnstad (AU)	
styremedlem	Kjetil Aasen (AU)	
styremedlem	Espen Tørset	
styremedlem	Gunnhild Skjold	
styremedlem	Monika Haanes Waagan	
styremedlem	Sebastian Vinsent Natvik	2024–2026, vald av NMU

- 1. vara Synnøve Marie Sætre (trekte seg januar 2026)
- 2. vara Tommy Tverdal
- 3. vara Silje Nathalie Luvåsen
- 4. vara Jorunn Simonsen Thingnes

- 1. vara NMU Synne Solberg

INNSTILLING FRÅ VALNEMNDA TIL STYRE FOR 2026–2028:

leiar	Peder Lofnes Hauge (AU)	
nestleiar	Live Havro Bjørnstad (AU)	
styremedlem	Kjetil Aasen (AU)	
styremedlem	Espen Tørset	
styremedlem	Gunnhild Skjold	
styremedlem	Monika Haanes Waagan	
styremedlem	Sebastian Vinsent Natvik	2026–2027, vald av NMU

- 1. vara Karen Mjør
- 2. vara Tommy Tverdal
- 3. vara Silje Nathalie Luvåsen
- 4. vara Jorunn Simonsen Thingnes

- 1. vara NMU Johannes Rønning
- 2. vara NMU Endre Helland Gujord

OM STYREKANDIDATANE:

PEDER LOFNES HAUGE: f. 1989. Frå Gloppen, men bur i Bergen, saman med Line og tre born. Utdanna grunnskulelærar. Tidlegare folkevald og mangeårig politisk rådgjevar for Venstre i byrådet i Bergen. Blei vald inn i styret i Noregs Mållag i 2016, nestleiar frå 2018 og leiar frå 2020.

LIVE HAVRO BJØRNSTAD, f. 1986 på Voss, bur i Bergen med Emilio og eitt barn. Bjørnstad har utdanning innan språk, litteratur og idéhistorie, og jobbar til vanleg på katedralskulen i Bergen. Her driv ho verdas mest nynorskpositive skulebibliotek, i tett samarbeid med Katten Målungdom. Saman har dei snart verva heile skulen til målrørsla. Frå 2016 til 2022 var Bjørnstad tilsett hjå Hordaland Mållag og periodevis frikjøpt til m.a. nynorskstafetten og informasjonsarbeid for Skrivarstova. Dei siste åra har Bjørnstad vore nestleiar og økonomiansvarleg i Bergen ungdomslag Ervingen, og ho har drive aktivt politisk påverknadsarbeid for lesing og skulebibliotek.

GUNNHILD SKJOLD: f. 1995. Fødd, oppvaksen og busett i Tromsø. Utdanna lektor i matematikk, har vore rådgjevar hos Senter for samisk helseforskning ved UiT Noregs arktiske universitet og arbeider i dag som fylkessekretær for Troms SV og Finnmark SV. Ho var leiar i Norsk Målungdom (NMU) frå 2019–2021, og sat i denne perioden også som NMU sin representant i styret til Noregs Mållag. Ho har vore leiar i Studentmållaget i Tromsø, landsstyremedlem i Norsk Målungdom, arbeidsutvalsmedlem i Troms og Finnmark mållag, leiar i Tromsø mållag og styremedlem i LNU - Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar. Ho arbeider

KJETIL AASEN: f.1978, oppvaksen i Oslo og Fredrikstad, busett i Oslo. Jurist og språkvitar (mastergrad i lingvistikk med nordisk, tysk og irsk i fagkrinsen i tillegg) frå Universitetet i Oslo. Sidan 2019 har han vore tilsett som protokollsekretær i Høgsterett. Han har elles lang røymsle som språkbyråkrat. I 2022–2023 var han ein av utvalssekretærene til teiknspråkutvalet, som i juni 2023 leverte NOU 2023: 20 Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk til kultur- og likestillingsministeren. Han var i perioden 2008–2019 tilsett i Språkrådet med eit hospiteringsår i Kulturdepartementet 2015–2016. Han var styremedlem i Østfold Mållag 2014-2019, nestleiar frå 2016. Han har hatt verv i Studentmållaget i Oslo, medlem i Skuleboknemnda og bladstyremedlem i Mål og Makt. Han har sete i styret i Noregs Mållag sidan 2020.

ESPEN TØRSET, f. 1979, bur på Fannrem i Orkland. Han er lektor ved Orkdal vidaregåande skole. Han har sidan 2020 vore leiar for Trønderlaget. Han har også vore leiar for Skaun mållag. Sidan 2009 har Tørset vore redaktør for Jul i Trøndelag. Tørset har vore aktiv i kommunepolitikken, som kommunestyrerepresentant for SV (2003–2018) og leiar av ulike utval. Tørset har vore redaksjonsmedlem i Allkunne og han har skrivne om stort og smått i ulike tidsskrift.

MONIKA HAANES WAAGAN: f. 1969 i Narvik, vaks opp i Nordland, Trøndelag, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Ho bur no i Herøy på Sunnmøre, er gift og har tre vaksne barn. Waagan driv til dagleg tekst-, nettside og konsulentbyrået Akka AS. Heilt sidan oppstarten i 2011 har ho vore oppteken av vilkåra til den nynorske delen av næringslivet. I 2016 tok ho mastergrad i Nynorsk skriftkultur med oppgåva «Næringslivsspråk i Nynorskland». Her undersøkte ho bedriftsspråket i den maritime klynga på Søre Sunnmøre. I 2022 tok ho initiativ til å etablere Nynorsk bedriftsforum, og ho sit no som dagleg leiar her. Ho har arbeidd som arrangementsansvarleg ved Aasen-tunet, og ho er no leiar i Herøy Mållag. Waagan er også utdanna barnevernpedagog, og ho har mangeårig erfaring frå arbeid med elevar, lærlingar og arbeidssøkande.

KAREN MJØR: f. 1995 kjem frå Hardanger og bur i Oslo. Ho er utdanna lektor og arbeider i dag som presseansvarleg i Oslo Arbeidarparti. Tidlegare har ho hatt ulike roller innan politikk og kommunikasjon, mellom anna i stortingsgruppa til Arbeidarpartiet, i byrådsavdeling for utdanning i Oslo kommune, i kommunikasjonsbyrået Zynk og ved Studentersamfundet i Trondhjem. Mjør er i dag nestleiar i Oslo Mållag, og har tidlegare vore leiar i Sunnhordland Målungdom, styremedlem i Stord Mållag og Nidaros Studentmållag og også medlem av landsstyret i Norsk Målungdom.

TOMMY TVERDAL: f. 1979 og oppvaksen i Odda. Bur no i Vennesla med sambuar og eitt barn. Han har fagbrev som sjømathandlar og institusjonskokk. Jobbar i dag som fagleg ungdomssekretær i LO Agder og er leiar i Mållaget i LO-administrasjonen. Han har erfaring frå og har hatt tillitsverv innan kultur, fagrørsla og andre organisasjonar. Har m.a. vore leiar av LO i Indre Hardanger.

SILJE NATHALIE LUVÅSEN: f. 1993 voks opp i Hedmark og har budd i alle kommunane på hedmarkssida langs Mjøsa, og bur per dags dato i Oslo der ho jobbar som lektor i vidaregåande skule. Ho har studert journalistikk og vore knytt til nynorsk sidan det starta som sidemål på grunnskulen. I 2018 starta ho på Høgskolen i Innlandet for å bli lektor i norsk, same år bytte ho hovudmål til nynorsk. Luvåsen er ein aktiv brukar av nynorsk på arbeidsplassen sin, og brenn for at nynorskbrukarar skal få dei same rettane som bokmålsbrukarar. Silje sit i dag som nestleiar i Hamar dialekt- og mållag, og har gjort det sidan 2020. Elles har ho organisasjonserfaring frå Pedagogstudentene, m.a. som styremedlem i Hamar og protokollskrivar for landsstyret. Silje var òg aktiv i politikken som ungdom.

JORUNN SIMONSEN THINGNES: f. 1990. Frå Skei i Sunnfjord, bur i Sogndal saman med mann og eitt barn. Ho er utdanna lektor og har doktorgrad i sosiolingvistikk/språkpolitikk. No er ho førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet, der ho underviser lærarstudentar og forskar på sosiale og samfunnsstrukturelle vilkår for språkbruk og språkval. Ho har vore aktiv i målørsla sidan 2012. Ho har vore leiar i studentmållaget i Oslo, bladstyrar i Motmæle og sentralstyremedlem i Norsk Målungdom.

13.2 VAL AV VALNEMND

VALNEMNDA FOR 2024–2026 HAR VORE:

Leiar	Marit Aakre Tennø	
Medlem	Birgitta Lim Ersland	
Medlem	Ola Haugen Havrevoll	
Medlem	Fredrik Heimsæter	
Medlem	Jógvan Helge Gardar	vald av NMU, friteken frå vervet hausten 2025
Medlem	Ann-Mari Baukhol Ruste	vald av NMU
1. vara	Inger Johanne Sæterbakk	
2. vara	Anders Riise	
3. vara	Eline Bjørke	

FRAMLEGG FRÅ STYRET TIL NY VALNEMND FOR 2026–2028:

Leiar	Oddmund Løkensgard Hoel	
Medlem	Inger Johanne Sæterbakk	
Medlem	Fredrik Heimsæter	
Medlem	Signhild Stave Samuelsen	
NMU	Synne Solberg	
1. vara	Eline Bjørke	
2. vara	Ingebjørg Røyarhus Øyehaug	
3. vara	xxx	
vara	Herman Mortensen	vald av NMU

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Oddmund Løkensgard Hoel til leiar for valnemnda, med Inger Johanne Sæterbakk, Fredrik Heimsæter og Signhild Stave Samuelsen som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Eline Bjørke, Ingebjørg Røyarhus Øyehaug og xx.

13.3 VAL AV REVISOR

Noregs Mållag skifta revisor til Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS i 2024 og har vore nøgd med samarbeidet desse to åra.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2026 og 2027.

Vedteke på det 100. landsmøtet i Noregs Mållag, 13.–15. april 2018 i Vinje.

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdig åtferd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet. Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtferd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

- 1. Ansvarleg leiing.** På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.
- 2. Kjønnsdelte formøte.** I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallekken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.
- 3. Rusfrie alternativ.** Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol. Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.

LOV FOR NOREGS MÅLLAG

Vedteken 21. juli 1978, med brigde frå 26. juli 1980, 29. juli 1982, 28. juli 1983, 25. juli 1985, 30. juli 1987, 30. juli 1988, 26. juli 1992, 31. juli 1993, 28. juli 1995, 27. juli 1996, 26. juli 1997, 25. juli 1998, 31. juli 1999, 30. juli 2000, 29. juli 2001, 28. april 2002, 25. april 2004, 30. april 2006, 29. april 2007, 27. april 2008, 29. april 2012, 21. april 2013, 17. april 2016 og 18. oktober 2020.

I FØREMÅL

§ 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

II SAMSKIPNADEN

§ 2.1 Noregs Mållag er landssamskipnaden for laga i målrørsla. Eit mållag skal ha minst 10 medlemer.

§ 2.2 I Noregs Mållag kan den vera med som vil arbeida for målreisinga i samsvar med prinsippprogrammet og lova for samskipnaden.

§ 2.3 I regelen skal einskildlaga innanfor ein landslut samarbeida i eit fylkesmållag. Fylkesgrensene skal så langt råd samsvara med fylkesgrensene i Noreg. Ingen av dei noverande fylkeslaga i Noregs Mållag kan slåast saman eller delast mot deira eigen vilje. Fylkesmållaga må godta lova for Noregs Mållag, og grensene for desse laga skal vera godkjende av landsmøtet i Noregs Mållag. Eit fylkesmållag skal ha minst 3 lag.

§ 2.4 Yrkesmållag som er skipa for heile landet, kan vera med i Noregs Mållag når dei godtek lova for samskipnaden. Har eit slikt lag minst 3 einskildmållag, kan det få same rettane i Noregs Mållag som fylkesmållaga, etter vedtak på landsmøtet.

§ 2.5 Der det ikkje er fylkesmållag, kan einskildlag takast opp beinveges i landssamskipnaden. Landsmøtet avgjer slike saker etter tilråding frå styret.

§ 2.6 Folk som bur slik til at dei ikkje har høve til å vera med i eit mållag, kan verta beinveges innmelde i Noregs Mållag gjennom fylkeslaget.

§ 2.7 Noregs Mållag kan til vanleg ikkje meldast inn i ein annan samskipnad. Noregs Mållag kan vera med i internasjonale samskipnader som har tilsvarande føremål som Noregs Mållag. Innmeldinga skal skje etter vedtak gjort av landsmøtet.

§ 2.8 Samskipnaden heiter Noregs Mållag på norsk, Nørjjen Giëlesiebrre på sørsamisk, Vuona Giëllasiebrre på lulesamisk, Norgga Giëllasearvi på nordsamisk og Norjan Kielijoukko på kvensk.

III NORSK MÅLUNGDOM

§ 3.1 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag, men NMU gjer egne vedtak om tuft, arbeidsprogram og lover som

laga i NMU arbeider etter. Desse vedtaka kan ikkje stri mot det breie grunnlaget som ligg i lovene og prinsippprogrammet til Noregs Mållag. Dette grunnlaget er sams for dei to organisasjonane.

§ 3.2 Norsk Målungdom svarar ei -1- krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

§ 3.3 Landsmøtet til Norsk Målungdom vel ein representant til styret og ein representant til valnemnda i Noregs Mållag, begge med personlege varafolk. Vala skjer for eitt år i gongen.

§ 3.4 Tilhøvet mellom NM og NMU er nærare ordna gjennom samarbeidsavtalen.

IV PLIKTER

§ 4.1 Når eit lag er med i Noregs Mållag, har det skyldnad til, så langt det evnar, å gjera røyndom av dei måla samskipnaden set opp i prinsippprogram og arbeidsprogram.

§ 4.2 Fylkeslaga, dei beinveges innmelde laga og yrkesmållaga skal syta for å få lovene sine godkjende av Noregs Mållag. I tilfelle det er usemje innan styret i Noregs Mållag om godkjenning, skal saka leggjast fram for landsmøtet til avgjerd.

§ 4.3 Fylkesmållaga og yrkesmållaga skal senda melding til styret i Noregs Mållag om nyskipa og oppattskipa lag. Det same gjeld Norsk Målungdom.

§ 4.4 Alle laga skal på føreskriven måte senda årsmelding og andre meldingar om arbeidet sitt til styret i Noregs Mållag innan dei fristar styret fastset.

§ 4.5 Noregs Mållag fører medlemslistene for lokallag og fylkeslag, og pliktar å senda ut desse med jamne mellomrom. Laga pliktar å kontrollera dei og senda inn tillegg og rettingar.

§ 4.6 Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Landsmøtet tilrår ein lokal- og fylkessats. Årspengane vert kravde inn av Noregs Mållag sentralt, men dei laga som bed om det, har høve til å krevja inn årspengane sjølve. Familiemedlemer betaler halv sentralsats. Lag som også er med i Noregs Ungdomslag krev inn årspengane sjølve og betaler halv sentralsats. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral sats gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje årspengar til samskipnaden. Noregs Mållag skal innan 1. mars betala ut lokallags- og fylkeslagssatsen for årspengar som er betalte inn året før. Lag med lokal innkrevjing skal innan same dato betala årspengar for året før til fylkeslaget og Noregs Mållag sentralt.

V LANDSMØTET

§ 5.1 Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerde år vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag. Landsmøtet kan likevel vedta særskilt hovudoppgåve for komande toårsperiode.

Kvart landsmøte skal likevel ha føre desse sakene:

- a) årsmelding for siste landsmøteperioden
- b) årsoppgjer for dei to førre kalenderåra, med ettersynsmelding
- c) budsjett for dei komande to åra

- d) årspengar for dei to åra etter komande året
- e) val i samsvar med lova

§ 5.2 Omframnt landsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på landsmøtet. På slike landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei som var årsak til innkallinga.

§ 5.3 Innkallinga til landsmøtet skal styret senda ut skriftleg til einskildlaga, fylkesmållaga og Norsk Målungdom seinast tre månader før fyrste landsmøtedagen. Framlegg til sakliste og krav om å senda inn den landsmøteavgifta som styret har fastsett, skal sendast saman med innkallinga. Sakspapir, medrekna tilrådinga frå valnemnda, skal vera utsende minst ein måned før møtet. Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

§ 5.4. Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kan gje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Valet skal då kunngjerast i innkallinga til møtet. Utsendingane må vera medlemmer i det lokallaget dei er valde som utsending for, jfr § 5.5.

§ 5.5 Einskildlaga med frå 10 til 50 betalande medlemmer for førre kalenderår kan senda 1 utsending til landsmøtet, lag med frå 51 til 100 medlemmer kan senda 2 utsendingar, og større lag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 100 medlemmer, opp til 10 utsendingar.

Fylkesmållag med opptil 300 medlemmer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 300 medlemmer, opp til 10 utsendingar. For Norsk Målungdom gjeld same reglane som for fylkesmållag.

§ 5.6 Røysterett på landsmøtet har styremedlemene i Noregs Mållag, utsendingar frå Norsk Målungdom, fylkesmållag og einskildlag som har sendt årsmelding og årspengar for siste året og betalt landsmøteavgift. Landsmøtet kan vedta at nyskipa lag som har betalt landsmøteavgift, skal ha ein utsending med røysterett. Kvar utsending har ei - 1 - røyst.

§ 5.7 Berre talerett på landsmøtet har utsendingar frå lag som ikkje har sendt årsmelding og årspengar for siste året.

VI STYRET MED ARBEIDSUTVAL OG ETTERSYN

§ 6.1. Noregs Mållag har eit styre på 7 medlemmer og 4 varamedlemmer, valde av landsmøtet. Alle vert valde for to år. 1 av styremedlemene med personlege varafolk vert vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3. Styret har øvste ansvaret for samskipnaden mellom landsmøta.

Dersom ein tillitsvald vald av landsmøtet i eit særskilt ombod ikkje kan stetta funksjonane han/ho er vald for, kan styret velja ein ny person i ombodet mellom dei landsmøtevalde.

§ 6.2 Styret kan ha eit arbeidsutval på 3 medlemmer, leiar og nestleiar skal i så fall vera mellom desse. Styret fastset arbeidsføresegner for AU. Styret skal ha minst 6 møte i året.

§ 6.3 Styret er vedtaksført når minst 5 er til stades, av desse minst 3 styremedlemer.

§ 6.4 Styret kan setja ned arbeidsutval og råd for ymse arbeidsområde og tilsetja tenestefolk som det ikkje ligg til landsmøtet å velja. Styret skal fastsetja instruks for dei tilsette.

§ 6.5 Noregs Mållag skal ha eit landsråd samansett av leiaren, nestleiarane, fylkesleiarane, leiaren i Norsk Målungdom, 1 representant for yrkesmållaga vald på fellesmøte mellom styra i dei og 1 frå Norsk Målungdom vald på deira landsmøte. Nestleiarane i fylkesmållaga, Norsk Målungdom og 1 representant for yrkesmållaga er varafolk til landsrådet. Landsrådet skal vera eit drøftings- og planleggingsorgan for samskipnaden og eit rådgjevande organ for styret. Landsrådet skal normalt ha eitt møte i året.

§ 6.6 Ettersyn skal veljast på kvart landsmøte.

§ 6.7 Året før kvart stortingsval skal styret leggja fram ein arbeidsplan for å påverka dei politiske partia i valåret. Denne planen bør vera drøfta på rådleggingsmøte med utsendingar for fylkeslaga og Norsk Målungdom.

§ 6.8 I alle landsmøtevalde organ skal begge kjønn vera med. Har eit styre eller ei nemnd 5 medlemer eller fleire, skal begge kjønn vera representerte med minst 40 %.

VII VALNEMNDA

§ 7.1 Etter tilråding frå styret i Noregs Mållag vel kvart landsmøte ei valnemnd på 5 medlemer med 3 varamedlemer. Leiar for nemnda vert vald særskilt. Nemnda sit til neste landsmøte. Ein av medlemene med personlege varafolk skal vera vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3.

§ 7.2 I arbeidsbolken førebur valnemnda vala på landsmøtet. Nemnda oppmodar fylkesmållaga, einskildlaga og medlemene om å koma med framlegg til valet. Nemnda må ha ferdig tilrådinga seinast seks veker før landsmøtet.

VIII LAGSBRUK

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot - lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærare reglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

IX LÅN OG GARANTAR

§ 9.1 Låneopptak og opptak av garantiar i samband med drift av Noregs Mållag

Styret har høve til å ta opp lån til kjøp av kontorlokale eller stilla garantiar i samband med drifta av Noregs Mållag.

Samla lån skal ikkje overstiga NOK 20 000 000. Samla garantiansvar skal ikkje overstiga NOK 400 000.

Maksimal løpetid for ovannemnde lån er inntil 25 år nedbetaling.

§ 9.2 Trygd

Eigne eigedomar kan stillast som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 20 000 000. Noregs Mållag kan også nytta kontantdepot som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 500 000.

§ 9.3 Fullmakter

Dagleg leiar i Noregs Mållag har fullmakt til å tinga med aktuelle bankar om pris på lån og garantiar. Dagleg leiar har også fullmakt til å signera låneavtalar, avtalar om garantistilling og avtalar om pantsetjing av eigedomar eigd av Noregs Mållag og gjera avtale om kontantdepot, etter vedtak i styret.

X TRYGGING AV EIGA

§ 9.1. Lag som er med i Noregs Mållag må alltid disponera eiga i samsvar med laget sitt eige føremål og det føremålet som gjeld for laget som medlem i Noregs Mållag.

§ 9.2. Ved nedlegging av eit lag, gjeld dei reglar laget sjølv har vedtektsfesta om dette, likevel slik at eiga alltid må disponerast i samsvar med føremålet slik det er fastsett etter denne lova § 9.1.

§ 9.3. Dersom vedtektene til laget ikkje har reglar om nedlegging, men laget like fullt må reknast som nedlagt, skal Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det vert skipa eit nytt lag på same stad og/eller med same føremål. Dersom slikt lag ikkje er skipa innan 5 år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 9.4. Eit lag skal alltid reknast som nedlagt når laget ikkje har levert årsmelding innan den fastsette fristen dei tre siste åra.

§ 9.5. Dersom eit lag vert nedlagt i strid med dei reglar som gjeld for nedlegging av laget, eller skiftar føremål slik at laget ikkje lenger kan stå som medlem i Noregs Mållag, gjeld § 9.3. i denne lova tilsvarende. Det same gjeld dersom laget disponerer eiga i strid med § 9.1. Dersom eit lag vedtek å melda seg ut av Noregs Mållag med 2/3 fleirtal på to ordinære årsmøte etter kvarandre, gjeld ikkje § 9.3., så lenge laget ikkje skiftar føremål.

§ 9.6. Kostnadene Noregs Mållag har ved å ta hand om eiga til eit lag, skal dekkjast av eiga det vert teke hand om.

§ 9.7. Ankesaker med grunnlag i avgjerder under §§ 9.1 – 9.6 skal avgjerast med endeleg verknad av landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 9.8. Dersom Noregs Mållag blir lagt ned, skal alle aktiva Noregs Mållag rår over gå til føremålet til organisasjonen.

XI LOVBRIGDE

§ 10.1 Denne lova kan landsmøtet brigda med 2/3 fleirtal. Framlegg til brigde må kunngjerast minst 1 månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på landsmøtet dersom endringane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.